



HANDELHØGSKULEN VED UIS
MASTEROPPGÅVE

STUDIEPROGRAM:

MRR – Master i rekneskap og revisjon

ER OPPGÅVA KONFIDENSIELL?

TITTEL:

Korleis vil revisoren sine eigenskapar påverke kvaliteten på rekneskapsinformasjonen?

ENGELSK TITTEL:

How will the auditor's characteristics affect the quality of the accounting information?

FORFATTAR:

VEILEDER:

Kandidatnummer:

Namn:

Mattias Hamberg

4009

Eivind Haugland

.....

.....

Forord

Denne masteroppgåva inngår som ein avsluttande del av masterstudiet i rekneskap og revisjon ved Handelshøgskulen ved Universitetet i Stavanger.

Då eg skulle bestemme meg for eit tema, ville eg skrive om noko som eg kan lære av og ha bruk for i framtida. Ettersom eg ønskjer å arbeide innan revisjon, kan kunnskapen om dette temaet vere relevant for eit slikt arbeid. Oppgåva tek for seg samanhengen mellom rekneskaps- og revisjonskvalitet. Dette er eit interessant emne å forske på, spesielt sidan det er få forskingar som er gjennomført i Noreg.

Arbeidet med denne forskinga har vore utfordrande og tidkrevjande, men også veldig lærerikt. Eg har henta inn data om børsnoterte føretak i Noreg og brukt desse i regresjonsanalysar for å finne ut korleis rekneskaps- og revisjonskvaliteten påverkar kvarandre. Denne forskinga og alle arbeidstimane som har gått med, har gitt meg meir kunnskap og innsikt i både revisjonsbransjen og internasjonal rekneskapsforskning.

Undervegs har eg møtt på nokre utfordringar som har vore vanskelege å løyse. Koronaviruset og «nedstenginga» av landet førte til at eg ikkje kunne gjennomføre oppgåva som eg hadde tenkt. Eg måtte derfor gjere fleire endringar undervegs i forskinga mi. Det har derfor vore hjelpesamt med god rettleiing frå Mattias Hamberg. Eg vil takke for hans ivrige engasjement, gode råd og tilbakemeldingar på mail undervegs i arbeidsprosessen. Han har hjelpt meg på best mogleg vis med tanke på koronasituasjonen me har hatt.

Eivind Haugland

Haugland, 14. juni 2020

Samandrag

Revisjonskvalitet er eit ord som mange har prøvd å definera, men utfordringa er nemleg at ordet kan definerast ulikt i forskjellige situasjonar med forskjellige personar involvert.

Revisjonskvalitet er for eksempel så mykje meir enn at ein revisor skal oppdage brot på rekneskapsreglar og rapportera dette i revisjonsberetninga. Han skal i tillegg uttale seg i revisjonsberetninga om finansrekneskapet gjev eit rettvisebilde av føretaket sin finansielle stilling. Dermed auke revisoren rekneskapsinformasjonen sin truverd, og man kan på den måten seie at revisjonskvaliteten er ein del av det større omgrepet rekneskapskvalitet. På bakgrunn av dette har eg valt følgjande problemstilling:

«Korleis vil revisoren sine eigenskapar påverke kvaliteten på rekneskapsinformasjonen?»

Ved hjelp av tidlegare forskingar knyta til rekneskaps- og revisjonskvalitet, finn eg forskjellige eigenskapar ved den oppdragsansvarlege revisoren som kan ha ein påverknad på kvaliteten til rekneskapsinformasjonen. Viss for eksempel eit revisjonsfirma er eit BIG N-firma, er revisjonsarbeidet ofte av høg kvalitet, ettersom dei har mykje å tape ved eventuelle søksmål. Lengda på revisjonsoppdraget og storleiken på revisjonshonoraret kan påverke revisoren sin uavhengigheit. Dette skyldast at mange år og høge beløp kan gje ein relasjon til det reviderte føretaket som ikkje er gunstig for samfunnet.

Eg gjennomfører regresjonsanalysar for to forskjellige modellar, kor den første måler den totale periodiseringskvaliteten (Dechow, Sloan og Sweeney, 1995) og den andre måler den kortsiktige periodiseringskvaliteten (McNichols, 2002). I frå desse modellane får eg eit mål på rekneskapskvaliteten, som eg vidare brukar til å finne ut om det er ein statistisk signifikant samanheng med dei forskjellige eigenskapane til revisoren. Oppgåva finn blant anna indikasjonar for at det er ein negativ samanheng mellom revisorrotasjon og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. I tillegg vil selskapsrotasjon og lengda på revisjonsoppdraget ha ein positiv påverknad på rekneskapskvaliteten. Samanhengen mellom rekneskapskvalitet, revisorstorleik og unormalt høge revisjonshonorar ga denne oppgåva ikkje nokre klare svar på.

Innholdsliste

1. Tema og problemstilling	7
2. Teori.....	10
2.1 Rekneskapet.....	10
2.1.1. Rekneskapet sine kvalitetskrav	12
2.1.1.1. Grunnleggjande kvalitetskrav	12
2.1.1.2. Forsterkande kvalitetskrav	13
2.1.2. Definisjon på rekneskapskvalitet	14
2.2. Moglegheita for rekneskapsmessig støy som ein konsekvens av skjønn	14
2.3 Revisoren sin rolle i å avgrense skjønn	16
2.3.1. Rammeverk for revisjonskvalitet	18
2.3.2. Definisjon på revisjonskvalitet	19
2.4. Måling av rekneskaps- og revisjonskvalitet	19
2.4.1. Rekneskapskvalitet	20
2.4.2. Tidlegare forskingsfunn i rekneskapskvalitetsstudiar.....	21
2.4.2.1. Firmaspesifikke faktorar som mål på rekneskapskvalitet	21
2.4.2.2. Finansiell rapporteringspraksis som mål på rekneskapskvalitet	22
2.4.2.3. Selskapsstyring og kontroll som mål på rekneskapskvalitet.....	23
2.4.2.4. Eksterne faktorar som mål på rekneskapskvalitet.....	23
2.4.3. Revisjonskvalitet.....	24
2.4.3.1. Innsatsfaktorar.....	24
2.4.3.2. Prosessen.....	26
2.4.3.3. Utfall	27
2.4.3.4. Kontekst	28
2.5. Revisoren sin påverknad på rekneskapskvaliteten	29
3. Metode	34
3.1. Overordna forskingsdesign.....	34
3.2. Rekneskapskvalitet	34
3.2.1. Totale periodiseringar	35
3.2.2. Skjønnsmessige periodiseringar – Jones og den modifiserte utgåva	36
3.2.3. Kortsiktige periodiseringar – DD-modellen og den modifiserte utgåva.....	40
3.2.4. Operasjonalisering av dei avhengige variablane.....	44
3.3. Revisjonskvalitet	45

3.3.1. Revisoren sin erfaring	46
3.3.2. Pensjonsalder	47
3.3.3. Revisorstorleik	47
3.3.4. Lengda på oppdraget og revisorrotasjon	48
3.3.5. Revisjonshonorar	49
3.3.6. Anna revisjonshonorar	50
3.3.7. Selskapsspesifikke indikatorar	51
3.4. Forskingsmodellar	52
3.5. Datainnsamling og utval	53
3.6. Gyldigheit og pålitelegheit	55
4. Analyse og resultat	57
4.1. Deskriptiv statistikk	57
4.1.1. Totale periodiseringar og kortsiktige periodiseringar	57
4.1.2. Testmodell	59
4.2. Korrelasjonsanalyse av variablane	61
4.3. Testmodellar	64
4.3.1. Test av den modifiserte Jones-modellen	64
4.3.2. Test av McNichols-modellen	66
4.3.3. Test av AQ_1	67
4.3.4. Test av AQ_2	68
4.4. Testing av modellen sin robustheit	72
5. Konklusjon	73
5.1. Oppsummering og konklusjon	73
5.2. Studien sine avgrensingar	78
5.3. Forslag til vidare arbeid	80
Kjelder:	82

Tabellar:

Tabell 4.1. Deskriptiv statistikk for den modifiserte Jones-modellen (totale periodiseringar) og McNichols-modellen (kortsiktige periodiseringar).....	58
Tabell 4.2. Deskriptiv statistikk for testmodellar.....	59
Tabell 4.3. Korrelasjonsanalyse for den modifiserte Jones-modellen og McNichols-modellen.....	61
Tabell 4.4. Korrelasjonsanalyse for begge testmodellane.....	63
Tabell 4.5. Estimeringsmodell for totale periodiseringar.....	65
Tabell 4.6. Estimeringsmodell for kortsiktige periodiseringar.....	66
Tabell 4.7. Testmodell for AQ_1	67
Tabell 4.8. Testmodell for AQ_2	69
Tabell 4.9. Ekstra testmodellar for AQ_2	71

1. Tema og problemstilling

Feilaktig rekneskapsføring har ført til store rekneskapsskandalar verda over. Føretaka Enron og Worldcom i USA, Parmalat i Italia og Finance Credit i Noreg er nokre eksempel som har vist folk kor store konsekvensar rekneskapsmanipuleringar kan få. Skandalane har fått store konsekvensar for personar og føretak som er nært knyta til desse manipuleringsføretaka. I tillegg har heile samfunnet på sett og vis blitt negativt påverka. For det norske samfunnet har bedrageriet i Finance Credit-saka ført til at meir enn 1 milliard kroner har gått tapt (Kristoffersen, u.å.; Langli, 2005).

Enron-skandalen i 2001 førte også til at eit av verdas fem største revisjonsfirma, Arthur Andersen, blei oppløyst. Dei var på den tida det ansvarlege revisjonsfirmaet for Enron Corporation, men etter skandalen mista dei tillatinga til å revidera børsnoterte føretak i USA. Dette skyldast at dei hadde vore akklause i deira tilsynsrolle og revideringa av Enron sin økonomi. Samstundes blei dei dømde for å hindre rettsforfølginga ved å makulera relevante revisjonsdokument frå sitt arbeid knyta til Enron, og på grunnlag av dette mista dei sine kundar.

Enron-skandalen var dermed prega av at både rekneskapskvaliteten og revisjonskvaliteten var dårleg. Sidan den gong har fleire grep blitt teke for å forbetre kvaliteten. IASB og FASB har utvikla meir detaljerte reglar det siste tiåret, kor dei har inkludert meir detaljerte fortolkningar og eksempel. I tillegg har dei fjerna alternativ og fleksibilitet, og omfanget av opplysningar har auka mykje. Dei børsnoterte føretaka skal nå følgje IFRS, medan andre føretak kan velje. I Noreg har også Finanstilsynet teke over rolla med å ha tilsyn av dei børsnoterte føretaka sine rekneskap. Likevel har det blitt oppretta eit uavhengig, sakkyndig utval som skal ta stilling til rekneskapsfaglege spørsmål. Etter at desse innføringane blei gjeldande har kvaliteten på rekneskapsinformasjonen auka (Langli, 2016), mykje skyldast at standardane bidreg til at opportunistisk rekneskapsmanipulering ikkje skjer. Då får for eksempel ikkje leiinga påverke rekneskapspostane.

Det har også blitt gjort endringar for revisorane, slik at revisjonskvaliteten betrast. I dag blir det gjort fleire tilsyn av revisorane og dei har fått avgrensingar i omfang og type av ikkje-revisjonsrelaterte tenestar. I tillegg har EU innført obligatorisk byte/rotasjon av revisjonsfirma og ansvarleg revisor med jamne mellomrom for børsnoterte føretak (Kinserdal, 2007).

Mykje har dermed blitt gjort for å betre rekneskaps- og revisjonskvaliteten. Dette har også vore tema for mange gjennomførte forskingar rundt omkring i verda (Dechow, Ge & Schrand, 2010; DeFond & Zhang, 2014), men det er få som er gjennomført i eit norsk miljø. Dei fleste tek nemleg for seg børsnoterte føretak i land som USA og Storbritannia. Blant fagfolk er det stor ueinigheit i korleis man skal definera rekneskaps- og revisjonskvalitet. Samstundes er det ikkje einigheit om kva som påverkar desse kvalitetane og korleis dei skal målast. Dei fleste som har skrevet om rekneskapskvalitet definerer det enten som kvaliteten på rekneskapet (finansiell rapportering) eller som kvalitative eigenskapar ved finansiell informasjon (i samsvar med IFRS eller US GAAP). Generelt oppfattar brukarane at rekneskapet er av eit høgt kvalitetsnivå viss det stemmer overeins med deira forventingar og tilfredsstillar informasjonsbehovet til brukarane. Rekneskapet er dermed riktig presentert og gjev eit rettferdig syn på bedrifta sitt resultat og stilling. Samstundes bidreg det til å føreseie framtidige resultat og verdien på bedrifta (Dechow m.fl., 2010; Legenzova, 2016). Når det kjem til oppfatninga av revisjonskvaliteten, vil den variere etter kva for nokre auge som ser. Brukarar, revisorar, tilsynsmyndigheitar og samfunnet – alle interessentar i den finansielle rapporteringsprosessen – kan ha veldig forskjellige syn på kva som utgjer revisjonskvalitet. Dette vil påverke kva for ein type indikator man kan bruke for å vurdera revisjonskvaliteten. Sjølv om det ville vore ideelt å definera revisjonskvaliteten for kva den «er», er verkelegheita at forskarar, tilsynsmyndigheitar og fagpersonar ofte ikkje kan gjere meir enn å greie ut om kva høg revisjonskvalitet «ikkje er», det vil seie feil eller manglar som reduserer revisjonskvaliteten (DeFond & Zhang, 2014).

Rekneskapskvalitet og revisjonskvalitet har ein sterk forbinding. Som sagt må brukarane av rekneskapet ha tillit til informasjonen, og for at det skal skje vurderer ein ekstern revisor risikoen for at rekneskapet inneheld feilinformasjon. Dette kan vere på grunn av feil eller misleghald (revisorlova 1999, §§ 5-1 og 5-2). Ein revisor kan nemleg påverke rekneskapskvaliteten ved å bruke varierende revisjonskvalitet. Men ein revisor kan ikkje bare

halde på som han vil, for lova stillar strenge krav til hans uavhengigheit og kompetanse. Til tross for det har revisorar brote desse krava ved dei siste rekneskapskandalane. I nokre av skandalane har ikkje revisorane oppdaga kritikkverdige forhold i rekneskapsinformasjonen og resten av den finansielle rapporteringa. Man kan derfor undre seg over kva det er med revisoren og hans rolle som gjer at han ikkje klarar å gjennomføre oppdraget med høg kvalitet. For dette vil jo også få betydning for rekneskapskvaliteten. Eg ønskjer derfor i denne masteroppgåva å finne ut om revisoren sine eigenskapar kan ha evne til å påverke rekneskapskvaliteten. Følgjande problemstilling vil eg derfor finne ei løysing på:

«Korleis vil revisoren sine eigenskapar påverke kvaliteten på rekneskapsinformasjonen?»

Man har altså forska på rekneskaps- og revisjonskvalitet i fleire tiår, men få forskingar er gjort i Noreg. Noreg er eit interessant land å studera rekneskapskvalitet og revisoren sin uavhengigheit. Det er få søksmål mot revisorane samanlikna med andre land som USA, og det er derfor enklare for ein revisor i Noreg å halde på sitt omdømme. Eg skal derfor studera årsrekneskapa til norske børsnoterte føretak, i kombinasjon med ulike mål på revisjonskvalitet, for å finne eit svar på problemstillinga.

2. Teori

Dette kapitlet vil gjennomgå relevant teori knyta til min problemstilling. Først vil hensikta med rekneskapet og det sine kvalitetskrav bli presentert. Deretter skal oppgåva gå djupare inn i temaa om rekneskaps- og revisjonskvalitet, kor det blant anna blir gått i gjennom tidlegare forskingsfunn i forhold til desse. Kva kan vere årsaka til at rekneskaps- og revisjonskvaliteten svingar for ulike føretak? Samstundes skal det nemnast kva rolle revisoren har i forhold til kvaliteten på rekneskapet. Den relevante teorien vil så vere utgangspunktet for mine forskingshypotesar, som blir presentert i slutten av dette kapitlet.

2.1 Rekneskapet

Rekneskapsføring har blitt gjort i tusenvis av år. I nyare tid har teknologien endra måten man ser på rekneskapet. Man treng ikkje lenger føre detaljerte kontantpostar eller råvaretransaksjonar for hand. Det digitalproduserte rekneskapet har i dag blitt så viktig at myndigheitar rundt om i verda har pålagt føretak å utarbeide årsrekneskap som skal vere tilgjengeleg for offentlegheita. Forståing for rekneskapsbrukarane sitt informasjonsbehov er viktig fordi det er deira behov som rekneskapsreglane skal ivareta (Langli, 2016).

Kristoffersen (2014) beskriver rekneskapet på følgjande måte: «Rekneskapet er eit informasjonssystem som i hovudsak består av innsamling, måling og rapportering av økonomiske data frå ei økonomisk eining, bedrifta, til brukarane av rekneskapet».

Rekneskapet sin oppgåve er å forsøkje å redusera den informasjonsasymmetrien som oppstår mellom leiinga og rekneskapsbrukarar. Det skal dermed gje interessentane relevant og påliteleg informasjon om økonomisk resultat, finansiell stilling og utvikling, slik at dei kan ta riktige avgjerdsjar. Man har reglar og prinsipp som er utarbeida for å redusera denne informasjonsasymmetrien, og dermed også redusera moglegheitene for opportunistisk åtferd og manipulering. Nokre prinsipp kan derimot vere kompliserte å gjennomføre og man må ta i bruk skjønn i vurderingane (Kristoffersen, 2014).

Eit skikkeleg utført rekneskap, der informasjonen om økonomisk inntening (resultat) og økonomiske verdiar (balansen) er rapportert, gjev eit korrekt økonomisk bilete av

verkelegheita. Dette gjev vidare eit godt grunnlag for effektivitet i næringslivet (Kristoffersen, 2014). I ein kvar kredittvurdering vil for eksempel eit korrekt rekneskap vere viktig, viss ikkje vil tilliten sige. Dersom ukorrekt informasjon blir presentert i rekneskapet og den reelle underliggjande økonomiske situasjonen ikkje blir framstilt på riktig måte, vil rekneskapet miste sin pålitelegheit og truverd. Dette vil føre til store samfunnsmessige konsekvensar, som det for eksempel gjorde i Finance Credit-saka. Feil i rekneskapsinformasjonen kan dermed føre til at andre lønnsame prosjekt, som samfunnet hadde nytt godt av, ikkje blir realisert (Langli, 2016).

Feilaktig rekneskapsrapportering kan også gje eit indirekte tap for interessentar. Den misvisande rapporteringa førar til at brukarane mistar tilliten, og som ein konsekvens av dette må man bruke meir ressursar på interne og eksterne kontrollmekanismar for å forhindre feilaktig rapportering. Bedrifter mistar tilgang på kapital når prosessen for å få lån og moglegheita til å hente kapital frå marknaden blir redusert på grunn av manglande tillit. Dette førar til at kapitalkostnaden aukar på grunn av høgare risiko, noko som igjen bidreg til færre lønnsame investeringsprosjekt. Samfunnsøkonomisk har dette ein konsekvens ved at både sysselsetjing og skatteinngang blir redusert unødvendig (Langli, 2016). Korrekt rekneskapsrapportering er dermed det myndigheitene og samfunnet ønskjer seg, sidan det bidreg til at dei avgrensa ressursane i samfunnet blir utnytta mest mogleg effektivt. Med andre ord blir samfunnet sin verdiskaping maksimert. Samstundes blir det enklare for investorar å vite kva for nokre bransjar og føretak dei skal investere i. Dette er årsaka til at bedrifter er plikta til å offentliggjere årsrekneskapa (Langli, 2016).

Samstundes skal rekneskapsinformasjonen brukast i styring og kontroll av leiinga (Kvifte & Johnsen, 2008). I fleire land har dei innført minimumsreglar for omfang og kvalitet på rekneskapet for å redusera informasjonsasymmetrien. Den offentlege reguleringa varierer i frå land til land, men alle har som mål å verne om eigarane og kreditorane (Stenheim & Blakstad, 2007). Rekneskapsinformasjonen kan dermed delast inn i to kategoriar ut i frå kva den blir brukt til: informasjon til avgjerdsformål og informasjon til kontrollformål.

2.1.1. Rekneskapet sine kvalitetskrav

Rekneskapet må oppfylle visse krav for at rekneskapsbrukarane skal kunne få nytte av rekneskapsinformasjonen (Kvifte & Johnsen, 2008). I IAS 1.15 (Myrbakken & Haakanes, 2018) blir det stilt eit krav om at rekneskapet skal ha ei dekkande framstilling av føretaket sin økonomi og at overstyring kun vil skje i veldig sjeldne tilfelle. Rekneskapslova (1998) §3-2a har eit tilsvarande krav. Den skal sikre at brukaren får eit rettvisande bilete av rekneskapet. Dette inneberer at eit føretak, i tillegg til å avleggje eit rekneskap som følgjer konkrete lovføresegn og rekneskapsstandardar, må gjere vurderingar i forhold til om rekneskapet tilfredsstillar dei ulike informasjonsbehova. Dette finn man igjen i rekneskapslova (1998) §7-1, der det er eit krav om å gje tilleggsopplysningar i noter til rekneskapet. Det nemnte kravet i §3-2a skyver alle andre lovføresegn til side, ettersom kravet til rettvisande bilete setjast over dei kvalitative krava man har i Noreg: *relevans, truverdig representasjon, samanliknbarheit, verifiserbarheit, aktualitet og forståelegheit* (Langli & Tellefsen, 2010). I dag skiljar det konseptuelle rammeverket mellom grunnleggjande og forsterkande kvalitetskrav.

2.1.1.1. Grunnleggjande kvalitetskrav

Under dei grunnleggjande kvalitetskrava finn man relevans og truverdig representasjon. Desse krava må vere tilfredsstilt for at informasjonen skal ha nytte i ei avgjerd. Først må man vurderer om informasjonen er relevant for avgjerdsformål, før man deretter vurderer om informasjonen er truverdig representert (Godtland, 2017). Den er relevant dersom den har potensiale til å endre brukargruppa sine avgjerder eller gjere ein forskjell i avgjerdssituasjonar. Informasjon som ikkje har avgjerdsverdi er irrelevant (Kvifte & Johnsen, 2008; Stenheim, 2008).

Rekneskapsinformasjonen må ikkje bare representera relevante eigenskapar, men den må også vere truverdig for å få fram dei faktiske underliggjande økonomiske forholda som informasjonen skal representera. Med andre ord skal den måle det den utgjev seg for å måle. Når den gjer det så vil rekneskapsinformasjonen vere komplett, nøytral og feilfri (Schwencke, Haugen, Baksaas, Stenheim & Avlesen-Østli, 2018). Det er det beste man kan oppnå. Sjølv om man har desse krava, så vil man sjeldan kunne oppfylle alle. Grunnen til det er at mykje av rekneskapsinformasjonen er basert på skjønsmessige vurderingar. Då blir derimot målet å maksimera desse eigenskapane så godt man kan. Estimat kan dermed ta vare på

kvalitetskravet om truverdig informasjon dersom det blir gitt informasjon om forhold som er relevante for vurderinga. For eksempel kan det vere stor usikkerheit rundt avsetjing til tap på kundefordringar, og eit estimat vil dermed verke truverdig dersom forholda er relevante (Godtland, 2017).

2.1.1.2. Forsterkande kvalitetskrav

Dei forsterkande kvalitetskrava er samanliknbarheit, verifiserbarheit, aktualitet og forståelegheit. Desse krava skal byggje opp under dei grunnleggjande kvalitetskrava og forsterka brukarnytten av informasjonen som er relevant og truverdig presentert. Dei forsterkande eigenskapane kan også vere til hjelp når man skal ta ei avgjerd på kva for ein av to metodar man skal bruke for å skildre eit fenomen, og når begge blir sett på som like relevante og truverdig representert (Godtland, 2017; Schwencke m.fl., 2018).

Samanliknbarheit handlar om at eit føretak må bruke dei same prinsippa konsistent over tid, altså såkalla einspora prinsippbruk. Det same gjelder for prinsippa på tvers av føretaka. Dette gjer at rekneskapsbrukarane, som for eksempel ein investor, kan samanlikne rekneskapet til eit føretak over fleire år. Samstundes kan rekneskapsbrukarane samanlikne rekneskapet til eit føretak med rekneskapet til eit anna føretak (Godtland, 2017; Schwencke m.fl., 2018).

Verifiserbarheit er det andre forsterkande kvalitetskravet. Det handlar om at informasjonen viser den reelle situasjonen for rekneskapsbrukarane og at den kan stadfestast frå andre kjelder enn rekneskapsprodusenten. Dette kan enten vere direkte gjennom observasjonar av marknadsprisar på eigendelar og gjeld, eller indirekte ved å etterprøve informasjon som er brukt i verdsetjingsmodellar. For eksempel ved verdsetjing av eigendelar til verkeleg verdi (Godtland, 2017, Schwencke m.fl., 2018).

Aktualitet er eit krav om at informasjonen er tilgjengeleg når rekneskapsbrukarane treng den til å ta økonomiske avgjerdar. Dess eldre informasjonen er, dess lågare nytte har den i avgjerdar. Men i nokre tilfelle kan eldre informasjon vere viktig fordi den kan bli brukt til å identifisera og analysa trendar i marknaden (Godtland, 2017; Schwencke m.fl., 2018).

Forståelegheit er det siste kvalitetskravet og handlar om at rekneskapsinformasjonen må vere presentert på ein oversiktleg og presis måte. I tillegg må informasjonen vere produsert med ein slik forståing at brukaren er kompetent til å forstå den. Sjølv om informasjonen blir produsert for ein fagleg kompetent person, skal informasjonen vere lett å forstå fordi den vil potensielt sett ha høgare avgjerdsnytte enn informasjon som er vanskeleg å forstå (Godtland, 2017; Schwencke m.fl., 2018).

2.1.2. Definisjon på rekneskapskvalitet

I dag finst det ingen allment aksepterte definisjonar av omgrepet «rekneskapskvalitet». I praksis varierer definisjonane av rekneskapskvalitet mykje mellom enkeltpersonar, prosjekt og organisasjonar. Samstundes blir dei ulike omgrepa rekneskapskvalitet, resultat kvalitet og periodiseringskvalitet brukt mykje om kvarandre og til dels om det same fenomenet. Til tross for at det er mange forskjellige definisjonar av rekneskapskvalitet, så tener dei til sjuande og sist det same formålet: å gjere det mogleg for folk å foreta verdifulle vurderingar om rekneskapsinformasjonen. Denne hensikta til rekneskapskvaliteten skal derfor seie noko om resultat kvaliteten og periodiseringskvaliteten, og for å gjere det ser man på resultatet, periodiseringar og kontantstraumar. I tillegg ønskjer man å sjå på kva for nokre relasjonar som finst og korleis man kan oppnå god kvalitet på resultatmålinga (CFA, u.å.; Svalestuen, 2016).

2.2. Moglegheita for rekneskapsmessig støy/resultatstyring som ein konsekvens av skjønn

Dersom rekneskapet ikkje gjev eit riktig bilete av den økonomiske realiteten, vil man ha det som blir kalla for rekneskapsmessig støy (Palepu, Healy & Bernard, 2000). Det vil seie at det er usikkerheit knyta til kor godt rapporterte rekneskapstal reflekterer økonomisk inntekt/verdi/formue (Langli, 2005). Dette oppstår når resultatet avviker frå ein verdi, både økonomisk og rekneskapsmessig. Jo større avvik det er mellom desse, desto meir støy blir det og rekneskapskvaliteten vil bli lågare. Samanhengen kan visast på denne måten (Baksaas & Stenheim, 2015):

$$\text{Rekneskapsmessig verdi} = \text{Økonomisk verdi} \pm \text{Rekneskapsmessig støy}$$

For å vite kor mykje støy det er i eit rekneskap, bør man ta utgangspunkt i kvifor støy oppstår. Rekneskapsmessig støy kan vere eit resultat av fleire ulike faktorar. Denne støyen blir normalt delt inn i utilsikta og ikkje-bevisste feil på den eine sida og tilsikta og bevisste feil på den andre (Langli, 2005). Palepu m.fl. (2000) har gruppert støykjeldene i tre kategoriar, slik at man kan forstå korleis man kan gå fram for å hanskast med støyen:

1. Rekneskapsreglane/-standardane sin utforming
2. Usikkerheit om framtida
3. Rekneskapsprodusentane sin rapporteringsstrategi

Den første støykjelda tek for seg rekneskapsreglane sin utforming. Nokre rekneskapsreglar er slik at økonomisk verdi kan fangast opp, medan andre reglar er utforma slik at det er umogleg. For å bedømme rekneskapsmessig støy, er det derfor viktig å undersøkje kvaliteten på dei rekneskapsreglane som myndigheitene har fastsett. I tillegg ser man på i kva for ein grad rekneskapsreglane har potensiale til å reflektera økonomiske verdiar. Informasjonen seier dermed noko om kor godt reglane fungerer og man får samtidig oversikt over alternative måtar å rekneskapsføre transaksjonar og hendingar på. Denne nyttige kunnskapen er til stor hjelp når man skal kartleggje kor usikkerheita er størst, vurderer kvaliteten på dei konkrete rekneskapsreglane eit føretak har brukt og kva for ein informasjon føretaka gjev i tilknytning til rekneskapsoppstillingane (Langli, 2005).

Den andre støykjelda er usikkerheita om kva framtida vil bringe. Dette skapar støy i rapporteringa, sidan dei framtidige kontantstraumane til føretaket sine aktivitetar er usikre (Langli, 2005). Man kan med andre ord oppnå fleire forskjellige utfall i kontantstraumen. Viss man er sikre på at framtidig salspris enten vil bli 100 eller 200 kroner, og sannsynet for kvart utfall er like stort (dvs. 50%), kan problemet vere kva slags verdi som skal balanseførast. Denne usikkerheita er for eksempel ikkje knyta til problemet med måling av verkeleg verdi eller marknadsprisar, men problemet skyldast at man ikkje er sikre på om den framtidige salsprisen blir 100 eller 200 kroner. Med slike utilsikta estimeringsfeil vil det oppstå støy i rekneskapet. Hadde man i rekneskapet brukt beste estimat på 150 kroner, ville mest sannsynleg det også blitt feil, fordi beste estimat resulterer i ein pris som ikkje eksisterer. Det er først når varen blir selt at man kan utarbeide eit rekneskap som med full sikkerheit viser den økonomiske verknaden av transaksjonen. Rekneskapskvaliteten vil ved slike tilfelle vere vanskeleg å vurderer. For ved slike målingar kan problema bli store og det er ingen måtar man

kan unngå dei på. Man må derfor konkret identifisera i kva for nokre område usikkerheita er størst og gjere det beste for å finne ut kva påverknad det kan ha (Langli, 2005).

Dei to første støykjeldane kan ikkje rekneskapsprodusentane gjere så mykje med, ettersom man har det regelsettet som er gitt og framtida byr på fleire usikkerheit. Den tredje støykjelda kan rekneskapsprodusenten derimot gjere noko med. Det handlar om rekneskapsprodusenten sin rapporteringsstrategi. Her kan dei, ved hjelp av rekneskapsinformasjonen, gjere rekneskapa meir eller mindre informative enn det ein nøytral rapportering ville ha ført til. Når rekneskapa er meir informative, vil avvik frå ei nøytral rapportering slå ut i rapportar som gjev rekneskapsbrukaren betre informasjon og gjer han i stand til å bedømme den underliggjande økonomiske utviklinga. I eit motsett tilfelle har rekneskapsprodusenten insentiv og anledning til å manipulera rekneskapet. Ved bruk av tilsikta estimeringsfeil kan dei feilinformera rekneskapsbrukarane eller påverke utfallet på kontraktar som avhenger av rekneskapsinformasjonen. I slike situasjonar vil ikkje rapporteringa gje eit rettvise bilete av rekneskapet. Som eit resultat vil informasjonsasymmetrien auke, medan rekneskapskvaliteten vil reduserast. Ein slik rekneskapsmanipulering kan vere vanskeleg å oppdage, men man må prøve å vurdere om føretaket eller enkeltpersonar er i ein situasjon kor det er mogleg å utføre slike handlingar. Er det insentiv, bør man vere ekstra på vakt når man vurderer riktigheita av dei rapporterte rekneskapstala (Langli, 2005).

2.3 Revisoren sin rolle i å avgrense skjønn

Rekneskapspliktige føretak har etter rekneskapslova plikt til å utarbeide årsrekneskap og årsrapport. Mange av desse rekneskapspliktige har også ekstern revisjonsplikt (Kristoffersen, 2017). Ekstern revisjon er ein prosess der ein person som er uavhengig av eit føretak blir gitt fullt innsyn i føretaket sine forhold og granskar rekneskapsinformasjonen som er produsert av føretaket. Deretter gjev han ei stadfesting overfor brukarane av informasjonen at årsrekneskapet er utført på skikkeleg vis og at det følgjer fastsette lovar og forskrifter (Gulden, 2016).

Revisoren sin rolle er derfor å vere ein tillitsmann for brukarane av årsrekneskapet og årsrapporten. Han brukar sin uavhengigheit og faglege dyktigheit når han granskar informasjonen og attesterer i form av ei revisjonsberetning. Det er ei rekkje lovføresegn som er med på å sikre at revisoren sitt arbeid er utført med tilfredsstillande kvalitet. Det er sett krav om at revisoren skal utføre revisjonen etter beste skjønn og vurdera risikoen for at årsrekneskapet kan innehalde feilinformasjon (revl. §5-2). Hovudkravet er at revisjonen skal utførast etter den rettslege standarden god revisjonsskikk, det vil seie at den skal utførast slik dyktige og ansvarsbevisste revisorar meiner er korrekt, og slik dei sjølv utførar revisjonen. I tillegg med sin integritet og objektivitet førar revisoren sin attestasjon til at brukarane får tillit til informasjonen om føretaket. Det vil seie at revisoren i alle samanhengar handlar ut frå faglege motiv og ikkje let seg påverke av egne eller andre sine særinteresser (Gulden, 2016). Tilliten vil bli svekka dersom det oppstår forhold som kan påverke revisoren sin uavhengigheit og objektivitet. Dette kan blant anna vere nære relasjonar mellom revisoren og oppdragsgevar, eller at revisoren er medlem i eit styrande organ og derfor kan oppnå fordelar med årsrekneskapet som blir gitt (revl. §§4-1 til 4-8).

I kapittel fem i revisorlova (1999) finn man ein revisor sine oppgåver ved revidering av årsrekneskapet. §5-1 og §5-2 gjev nokre klare eksempel på revisoren sitt ansvar. Han skal blant anna bidra til å førebyggje og avdekkje misleghald som kan føre til vesentleg feilinformasjon i rekneskapet. For ein revisor vil rekneskapsmanipulasjon vere det største trusselbiletet for å sikre god revisjon og kvalitet på rekneskapet. Likevel tek §5-2 for seg ein revisor sine pliktar og i §5-6 står det kva for nokre forhold ein revisor skal uttale seg om i revisjonsberetninga.

For at rekneskapsbrukarar skal føle seg sikre på at revisoren har tilstrekkeleg innsikt og fagleg dugleik til å kunne oppdage desse feila i rekneskapssystemet, må han tilføre rekneskapet auka truverd. Dette skjer gjennom lovføresegn man har, som seier at kun godkjente revisorar/firma kan vere revisor for føretak som har revisjonsplikt. Det er derfor høge krav til utdanning, erfaring og kompetanse for å bli godkjent som revisor (revl. §§3-1 til 3-4). For å oppfylle det andre kriteriet må rekneskapsbrukarar føle seg sikre på revisoren sin objektivitet, profesjonelle skepsis og uavhengigheit. Ein revisor skal for eksempel handtere dei feila og manglane som han finn i rapporteringa (Knechel, Krishnan, Pevzner, Shefchik & Velury,

2013), fordi rapporterte feil kan gje store økonomiske konsekvensar for firmaet. Samstundes kan manglande rapportering føre til enda større konsekvensar for alle rekneskapsbrukarane. Til saman skal desse reglane sikre at rekneskapsbrukarane kan stole på at revisjonen blir gjort på ein fagleg forsvarleg måte, med andre ord med høg revisjonskvalitet.

2.3.1. Rammeverk for revisjonskvalitet

The International Auditing and Assurance Standards Board (IAASB) har utvikla eit rammeverk som skal skape høg revisjonskvalitet. Rammeverket for rekneskapsrevisorar omhandle innsatsfaktorar, prosess, utfall og kontekst som bidreg til revisjonskvalitet på engasjement-, revisjonsfirma- og nasjonalt nivå. Tanken bak desse faktorane i rammeverket er at det ikkje er eit av kriteriana aleine som legg grunnlaget for kvaliteten, men ein kombinasjon av dei ulike kriteriana (IAASB, 2018).

Med innsatsfaktorar meiner man for eksempel verdiane, etikken og haldningane til revisorane, som igjen blir påverka av kulturen i revisjonsfirmaet. I tillegg blir kunnskapen, evnene og erfaringane til revisorane og tida dei har til rådighet for å gjennomføre arbeidet sett på som innsatsfaktorar. Den andre faktoren seier at ein revisor skal følgje ein streng revisjonsprosess og kvalitetskontrollprosedyrar som overheld lovar, forskrifter og gjeldande standardar. Det skal dermed vurderast kva for nokre arbeidsmetodar som skal brukast for å utføre revisjonen på ein ønskeleg måte. Resultatet av revisjonsprosessen, utfallet, inkluderer rapportar og informasjon som er utarbeida og presentert av ein part til ein annan, samt utfallet som oppstår frå revisjonsprosessen som til vanleg ikkje er synleg for dei utanfor det reviderte føretaket. Dette vil typisk vere ei revisjonsberetning. Den vil sannsynleg vere eit positivt bidrag til revisjonskvaliteten, viss innhaldet er tydeleg formidla i forhold til resultatet av revisjonen. Kvar enkelt interessant rundt den finansielle rapporteringa spelar ein viktig rolle i å støtte opp om høg kvalitet. Måten dei samhandlar på kan også ha ein påverknad på revisjonskvaliteten. Desse samhandlingane, inkludert både formell og uformell kommunikasjon, vil bli påverka av konteksten revisjonen utførast i. Dei samtykkjer også at det eksisterer eit dynamisk forhold mellom det som blir skutt inn og resultatet (IAASB, 2018; Knechel m.fl., 2013).

2.3.2. Definisjon på revisjonskvalitet

Å definera ordet revisjonskvalitet er ikkje så enkelt og mange av definisjonane tek utgangspunkt i revisjonsprosessen. Tradisjonelt har man tenkt på revisjonskvalitet som sannsynet for at ein revisor vil oppdage brot på for eksempel rekneskapsreglar og deretter velje å rapportere det i revisjonsberetninga (Kjellevold, 2017). Det er mange personar dei siste tiåra som har prøvd seg på å definera det, men utfordringa er nemleg at ordet kan definerast ulikt i forskjellige situasjonar med forskjellige personar involvert. For myndigheiter og standardsetjarar vil arbeidet som er gjort ha god revisjonskvalitet dersom det følgjer gjeldande lovar, reglar og standardarar. I samfunnet vil for eksempel personar sjå på revisjonskvaliteten som høg dersom føretak ikkje hamne i økonomiske problem. For rekneskapsbrukarar vil høg revisjonskvalitet derimot vere at det er lite feilrapportering i den finansielle rapporteringa, medan for ein revisor kan kvaliteten vere høg dersom retningslinjene og reglane for revisjonsprosessen er oppnådd. For revisjonsfirmaet totalt sett vil dei i ei eventuell rettssak stille sterkt dersom eget arbeid kan forsvarast med at revisjonskvaliteten har vore høg (Knechel m.fl., 2013; DeFond & Zhang, 2014).

Ei som blant anna har definert revisjonskvalitet er Linda E. DeAngelo (1981). Ho har gjort det på følgjande måte: “The quality of audit services is defined to be the market-assessed joint probability that a given auditor will both discover a breach in the client's accounting system, and report the breach.” Ut i frå hennas definisjon kan revisjonskvaliteten delast inn i to komponentar; revisoren sin kompetanse og revisoren sin uavhengigheit. I forhold til den første komponenten ser man på sannsynet for at revisoren oppdagar eksisterande feilinformasjon, medan den andre seier noko om revisoren sin evne og vilje til å rapportera ved oppdaging av feilinformasjon.

2.4. Måling av rekneskaps- og revisjonskvalitet

I dette delkapittelet blir det forklart ulike måtar man kan måle rekneskaps- og revisjonskvaliteten på. Først blir det gjennomgått metodar man kan bruke for å måle rekneskapskvaliteten, deretter blir det gitt mål på revisjonskvaliteten.

2.4.1. Rekneskapskvalitet

Høg rekneskapskvalitet er av stor interesse for interessentane til føretaket. Generelt vil høgare rekneskapskvalitet innebere at rekneskapsbrukarane tek meir informerte og betre avgjerder. For ein investor kan betre rekneskapskvalitet føre til ein meir lønnsam kapitalallokering. Høg rekneskapskvalitet vil også vere til fordel for føretaka, iallfall på lengre sikt, gjennom betre og rimelegare tilgang på kapital og auka tillit. Dersom det for eksempel oppstår rekneskapsmanipulering, vil det normalt redusera rekneskapskvaliteten. For føretaket kan dette gje kortsiktige fordelar, i form av for eksempel lågare kapitalkostnad, viss den låge rekneskapskvaliteten ikkje er oppdaga og kjent for rekneskapsbrukarane. Viss rekneskapskvaliteten derimot er låg og kjent, vil rekneskapsbrukarane unngå å inngå kontraktar med føretaket. Alternativt vil brukarane inngå kontraktar kor det er teke omsyn til den låge rekneskapskvaliteten. Begge tilfella vil uansett føre til kostnadar for føretaket, og på lengre sikt vil som regel låg rekneskapskvalitet bli oppdaga (Stenheim, Sundkvist & Opsahl, 2017).

Mange forskjellige tilnærmingar har blitt brukt for å måle rekneskapskvaliteten og nye tilnærmingar utviklast kontinuerleg. Normalt blir resultat kvalitet og unormale periodiseringar brukt som mål på rekneskapskvalitet (Dechow & Dichev, 2002; Dechow m.fl., 2010). Årsresultatet seier mykje om korleis det går med eit føretak, og det er eit viktig tal når man skal verdsetje føretaket. Samstundes vil det vere av stor verdi ved investeringsformål. For å seie noko om kvaliteten, delar man årsresultatet inn i to komponentar: årsresultatet = netto kontantstraum + totale periodiseringar. Årsresultatet brukar då periodiseringane for å redusera rekneskapsmessig støy, slik at inntekter og kostnadar blir plassert i den perioden som dei reelt sett høyrar heime i. I formelen ovanfor, er det først og fremst komponenten «totale periodiseringar» som kan innehalde usikkerheit. Dette skyldast årsakar som at komponenten kan vere utført med skjønn, vere basert på estimatavvik og estimatfeil (Dechow & Dichev, 2002). Totalt sett vil periodiseringskvaliteten vere med å påverke kvaliteten på årsresultatet, og begge to vil dermed vere ein del av rekneskapskvalitetsomgrepet. Til tross for at begge to utgjer årsresultatet, vil det vere nokre forskjellar mellom dei.

2.4.2. Tidlegare forskingsfunn i rekneskapskvalitetsstudiar

Mange av forskingane som har blitt gjort dei siste tiåra har teke utgangspunkt i Jones-relaterte modellar (Dechow m.fl., 2010). Forskingane rundt rekneskapskvalitet har ført til fleire spennande funn og man har fått ny kunnskap på fleire område. Nokre av hovudfunna og måten dei påverkar rekneskapskvaliteten skal nå presenterast i fire forskjellige kategoriar.

2.4.2.1. Firmaspesifikke faktorar som mål på rekneskapskvalitet

Fleire forskingar rundt om i verda gjev bevis på at firma sine driftseigenskapar er assosiert med ulike mål på rekneskapskvalitet. Forskingar som er gjort rundt firmaet sitt val av rekneskapsprinsipp (Hagerman & Zmijewski, 1979, Lindahl, 1989) og periodiseringar (Dechow, 1994) er eksempel på dette. Firmaet sin yting, gjeld, investering og vekst, og storleik er andre faktorar som det er funne bevis på er assosiert med rekneskapskvaliteten. Firmaet sin yting er den faktoren som er mest studert. For eksempel vil firma som presterar dårleg ha insentiv for å drive med resultatstyring (Balsam, Haw & Lilien, 1995; Keating & Zimmerman, 1999). Likevel vil eit firma sitt gjeldsnivå vere assosiert med forskjellige mål for rekneskapskvalitet, for eksempel vil firma med eit høgt gjeldsnivå velje inntektsaukande rekneskapsmetodar (Bowen, Lacey & Noreen, 1981; Zmijewski & Hagerman, 1981; Balsam m.fl., 1995). Derfor vil slike firma vere assosiert med lågare rekneskapskvalitet. Når det kjem til vekst, om den enten blir målt i form av omsetjingsvekst eller netto vekst i driftsmidlar, så ser det ut til at firma med høg vekst har mindre berekraftig inntening. Mange av desse firmaa har større målingsfeil og større manipuleringsmoglegheiter (Nissim & Penman, 2001; Penman & Zhang, 2002; Richardson, Sloan, Soliman & Tuna, 2005). Den siste firmaspesifikke faktoren er firmaet sin storleik, som har oppnådd forskjellige forskingsresultat. Jensen og Meckling (1976) og Watts og Zimmermann (1986) sine studiar fant at firmaet sin storleik vil ha ein negativ assosiasjon med rekneskapskvaliteten. Dette skyldast at større firma, som eit svar på større politiske/lovgjevande granskingar, vil velje rekneskapsmetodar som dempar inntekta. Ball og Foster (1982) har derimot funne ut at storleiken er positivt assosiert med rekneskapskvaliteten. Den positive assosiasjon skyldast dei faste kostnadane firmaa har i forhold til å gjennomføre skikkelege intern kontrollar av den finansielle rapporteringa.

2.4.2.2. Finansiell rapporteringspraksis som mål på rekneskapskvalitet

Det er tre kjenneteikn i finansiell rapporteringspraksis som man ser kan ha ein påverknad på rekneskapskvaliteten (Dechow m.fl., 2010):

1. Rekneskapsmetodar, slik som rekneskapsprinsipp til full kost, estimat assosiert med prinsipp som lineære avskrivningar eller saldobaserte avskrivningar, eller estimat om pensjonsavsetjingar.
2. Annan finansiell rapporteringspraksis, inkludert rekneskapsklassifisering og delårsrapportering.
3. Prinsippbaserte metodar kontra regelbaserte metodar.

Det finst kun få studiar om det første punktet. Samla sett blir det oppfatta som at val av rekneskapsmetode i gjennomsnitt førar til lågare rekneskapskvalitet. Dette skyldast at leiarar tek opportunistiske val i staden for val som forbetrar rekneskapet sin informasjonsevne (Dechow m.fl., 2010). For det andre punktet er det blant anna utført studiar av McVay (2006), Kerstein og Rai (2007), Jacob og Jorgensen (2007) og Brown og Pinello (2007). Den førstnemnte studien antyder at firma brukar skjønn på ein opportunistisk måte i resultatrekneskapsklassifiseringa. Dei endrar for eksempel enkelte utgiftar til kategoriar som kan oppfattast mindre vedvarande (spesielle postar), og på den måten kan dei følgje analytikarprognosane. Det tredje punktet har hatt størst fokus dei siste åra, og resultata på dette området er blanda. Ein fordel med regelbaserte standardar er at man fjernar val som leiinga kan utnytte til manipulering. Ein ulempe er at regelbaserte standardar avgrensar leiinga sin moglegheit til å bruke skjønn for å presentera relevant informasjon (Dechow m.fl., 2010). To studiar konkluderer med at prinsippbaserte standardar mest sannsynleg ikkje vil redusera opportunistisk resultatstyring (Cuccia, Hackenbrack & Nelson, 1995; Nelson, Elliot, Tarpley, 2002), medan to empiriske analysar konkluderer med det motsette. I Mergenthaler (2009) sin studie er det dokumentert at rekneskapsstandardar med meir regelbaserte kjenneteikn er assosiert med større grad av feilinformasjon i eit utval av føretak som har brote dei nasjonale rekneskapsprinsippa. Det blir også funne bevis på at det er større sannsyn for resultatstyring når ein regelbasert standard blir broten. I ein annan studie, som er gjort av Barth, Landsman og Lang (2008), meiner dei at IAS er prinsippbasert og dei finn bevis på at bruken av denne standarden er assosiert med mindre resultatstyring, meir tidsriktig tapsføring og større verdirelevans.

2.4.2.3. Selskapsstyring og kontroll som mål på rekneskapskvalitet

Selskapsstyring og intern kontroll handlar om å redusera agent-prinsipal problem. Studiar som undersøker selskapsstyret og internkontrollprosedyrar ser på den interne kontrollen rundt finansiell rapportering for å avgrense leiinga sin moglegheit for å manipulera rekneskapet. Andre studiar som handlar om leiinga sine andelar og leiarkompensasjon seier også at rekneskapskvaliteten blir påverka, fordi slike ting gjev insentiv for resultatstyring. I begge tilfella påverkar den interne kontrollen resultatstyringa, og skjønsmessige periodiseringar og feilinformasjon i rekneskapet er populære mål for rekneskapskvalitet (Dechow m.fl., 2010).

Sjølv om ikkje alle interne kontrollmekanismar har like stor påverknad på rekneskapskvaliteten, er det funne tydelege bevis på at god intern kontroll reduserer moglegheita for forsettleg og utilsikta resultatstyring (Doyle, Weili & McVay, 2007; Ashbaugh-Skaifte, Collins, Kinney & LaFond, 2008). Er i tillegg styret meir uavhengig (f.eks. målt ved ein større andel utanforståande) og har høgare revisjonskomitékvalitet (f.eks. målt ved uavhengigheit og møtefrekvens) vil dette redusera sjansane for resultatstyring (Beasley, 1996; Klein, 2002; J. Krishnan, 2005). Dette resultatet er i seg sjølv ikkje så overraskande fordi ein revisjonskomité sitt hovudansvar er å føre tilsyn med den finansielle rapporteringsprosessen.

2.4.2.4. Eksterne faktorar som mål på rekneskapskvalitet

Eksterne faktorar som kapitalkrav, politiske prosessar, skattemessige og ikkje-skattemessige reguleringar er assosiert med rekneskapsmessige val. Kapitalreguleringar, spesielt i bank- og forsikringsbransjen, gjev sterke insentiv til å styre resultatet og ofte brukast tapsavsetjingar for å oppfylle denne reguleringa (Petroni, 1992; M. Kim & Kross, 1998; Gaver & Paterson, 1999). I periodar kor det er mykje press vil sjansen for at firma styrer dei skjønsmessige periodiseringane auke. Det same vil skje ved bestemte reguleringsendingar, og man kan derfor konkludere med at rekneskapskvaliteten vil variere i tid (Dechow m.fl., 2010). Politiske prosessar er eit anna område som har blitt studert. Det motiverer leiarar til å gjennomføre innteksreduserande resultatstyring, ofte målt ved skjønsmessige periodiseringar, i periodar med politisk press. Dette vil for eksempel vere fordi at firmaet sitt overskot kan gje politisk oppmerksamheit og gransking, som vidare kan føre til kostbare inngrep. Alternativt vil overskotet vere ein direkte inngangsverdi til ei politisk avgjerd

(Cahan, 1992; Key, 1997; Han & Wang, 1998; Dechow m.fl., 2010). Skattereglar er også eit mål på rekneskapskvalitet, fordi regelverket påverkar firmaet sine rekneskapsval (Dopuch & Pincus, 1988; Choi, Gramlich & Thomas, 2001).

2.4.3. Revisjonskvalitet

Revisjonskvalitet er eit komplisert emne og det er samstundes vanskeleg å definera det. Fleire folk arbeider derfor stadig med å utvikle ein betre og felles forståing av omgrepet revisjonskvalitet. Ein felles forståing vil vere basert på internasjonale standardar, kor trekk frå nasjonale standardar vil bli innarbeida i ein felles standard. Standarden vil vere utvikla for å skape høg revisjonskvalitet, slik at rekneskapsbrukarane kan vite at den økonomiske informasjonen ikkje inneheld vesentlege feil (DeFond & Zhang, 2014). Funn frå litteraturen tek for seg ulike kategoriar som mål på revisjonskvalitet, og kvar og ein av dei vil bli drøfta.

2.4.3.1. Innsatsfaktorar

Generelt trur man at det er innsatsfaktorar i revisjonsprosessen som gjenspegle ein revisor sine vurderingar og avgjerder. Kvaliteten er avhengig av at ein revisor kjem fram til gode, profesjonelle og kompetente konklusjonar (IAASB, 2018). Eit kvart oppdrag består av forskjellige kundar, som igjen har forskjellig risiko knyta til seg. Dei kan skilje seg frå kvarandre i form av risikoen for opportunistisk åtferd, kompleksitet i eksisterande transaksjonar og rekneskapsrutinar. Slike risikoar varierer og det same vil ressursane som trengs for å få gjennomført ein revisjon av rimeleg sikkerheit. Derfor vil engasjementet for kvar kunde vere unikt og det setjast krav til ein revisor sin evne og kompetanse til å løyse dei forskjellige utfordringane han kjem borti. Ein revisor må skreddarsy sine tenestar til kvar kunde og hans vurderingar vil ha ein direkte påverknad på revisjonskvaliteten. Jo betre ein revisor er til å gjere sine oppgåver, desto betre vil sannsynlegvis resultatet av revisjonen bli (Knechel m.fl, 2013).

Ekspérimentell forskning har dokumentert at vurderingar som ein revisor gjer kan påverkast av insentiv, noko som igjen kan påverke kvaliteten på revisjonsprosessen i positiv eller negativ retning. Nærmare bestemt har kvaliteten på revisoren sine vurderingar for eksempel blitt negativ påverka av risikoen for tap av kundar (Blay, 2005), press på honorar (Houston, 1999)

og anna kunderelatert press (Hackenbrack & Nelson, 1996, Haynes, Jenkins & Nutt, 1998; Blay, 2005). Generelt trur man at insentiv førar til preferanse for eit ønskja resultat, noko som utilsikta påverkar eins avgjerder i ein sjølvbetjent retning (Kunda, 1990; Russo, Meloy & Wilks, 2000).

Forskning har også dokumentert at det er ein positiv samanheng mellom profesjonell skepsis og revisjonskvalitet (Chen, Kelly & Salterio, 2012). Man held seg då kritisk til kjelder og annan informasjon som blir henta inn. Revisorar som yter høg grad av profesjonell skepsis utførar også grundigare og meir kritiske vurderingar (Bowlin, Hobson & Piercey, 2012; Shaub & Lawrence, 1996; Hurtt, Eining & Plumlee, 2008). I tillegg vil dei vere meir kritiske til kunden og dermed er det større sannsyn for å oppdage svindel (Bernardi, 1994). Shaub og Lawrence (1996) seier at revisoren sin erfaring med kundar (dvs. historikk over kunden sin nøyaktigheit og antall revisjonsår) og andre situasjonsfaktorar (f.eks. risiko for feilinformasjon og kvaliteten på kommunikasjonen) er sterke påverkningsfaktorar når det kjem til nivået av profesjonell skepsis.

Revisoren sin kunnskap og kompetanse har også noko å seie for revisjonskvaliteten. Etter mange års erfaring vil ein revisor opparbeide seg bransjespesifikk kompetanse. Han klarar då å ta avgjerder som er meir konsistente med standardane, har meir kundespesifikk kunnskap, føreteik ein meir effektiv og fokusert informasjonshenting og kvaliteten av dei analytiske prosessane aukar som følgje av ekspertisen (Chow, 1982; Bedard, 1989; Beck & Wu, 2006; Green, 2008). Dette assosierast med at revisoren har ein betre evne til å gjennomføre ein revisjon av høg kvalitet (Bonner, 1990) og er nødvendig for å utvikle revisjonsekspertise (Bedard, 1989; Bonner & Lewis, 1990; Frederick & Libby, 1986). Revisorar som arbeidar i bransjespesialiserte team aukar sannsynet for å avdekkje feil og årsakar jamlegare, i forhold til dei som ikkje er ekspertar innanfor bransjen (Owhoso, Messier & Lynch, 2002).

I tillegg vil kvaliteten på ein revisor sine vurderingar bli påverka av tidspresset og liknande som kjem frå sjølve revisjonsfirmaet (DeZoort & Lord, 1997). Dette presset, frå for eksempel revisjonsteamet sin rettleiar, førar til at kvaliteten på arbeidet blir dårlegare.

2.4.3.2. Prosessen

Risikovurderingar, kontroll av rutinar, testing og gjennomgangar er fasar ein revisor kjem borti i sitt revisjonsoppdrag. Oppdraget er ein samansett prosess og kvaliteten avhenger mykje av den revisoren som utførar oppgåvene. Revisoren sin profesjonelle vurderingsevne gjennom heile revisjonsprosessen er derfor viktig (Knechel m.fl., 2013).

Revisoren er utsett for mange situasjonar som kan skape utfordringar i forhold til partiskheit (bias). Når revisoren stadig er utsett for systematiske feilvurderingar, kan dette påverke vurderingsevna hans. Men dersom revisoren sit på mykje god kompetanse og erfaring, vil han ha ein meir objektiv haldning og kan løyse oppdraget betre. Forsking viser at ein god kominasjon av desse eigenskapane vil føre til at revisoren sannsynlegvis vil gjere færre feilvurderingar på grunn av partiskheit ved revisjonsprosessen (Smith & Kida, 1991). Partiskheit kan dermed ha negativ påverknad på revisjonskvaliteten, men forskarar har også i mange tilfelle klart å identifisera faktorar som dempar partiskheita. Faktorane kan vere ansvarlegheit (Kennedy, 1993; Cushing & Ahlawat, 1996) og å restrukturera ei oppgåve (Earley, Hoffman & Joe, 2008).

Det er mange forskingar som har blitt gjort i forhold til sjølve prosessen rundt revisjonsproduksjonen og korleis ulike faktorar påverkar det. For å handtera graden av kompleksitet og risiko vil dei tre faktorane som presenterast nå vere mest verdt å merke seg: (1) Antall timar som blir brukt på testing har noko å seie for revisjonskvaliteten. For eksempel vil for lite avsett tid og låg innsats på revisjonsarbeidet ha ein negativ effekt. Dette kan nemleg auke sannsynet for oppblåste resultat og manipulasjon av rekneskapet (McDaniel, 1990; O'Keefe, Simunic & Stein, 1994; Caramanis & Lennox, 2008; Calderon, Wang & Klenotic, 2012). I tillegg vil (2) arten av planlagt testing (Hackenbrack & Knechel, 1997) og (3) personellet som skal utføre oppdraget (Johnstone & Bedard, 2001) påverke kvaliteten. Er føretaket risikofyllt og komplekst, vil oppdraget bli gjennomført annleis enn eit med liten risiko. Eit offentleg føretak vil for eksempel ha større risiko enn private føretak (Beatty & Harris, 1998). Prosessen blir annleis planlagt og det vil bli tildelt fleire ressursar i form av personell og riktig kompetanse, slik at risikoen kan reduserast (DeFond & Zhang, 2014). Med andre ord vil ein revisor justera sin produksjonsplan i respons til auka risiko (Knechel m.fl., 2013). Til tross for dette kan det hende at den totale mengda arbeidstimar og miksen av

arbeidskraft i seg sjølv ikkje er ein tilstrekkeleg indikator på revisjonskvalitet. Det som kan vere viktigare er samspelet mellom ulike omstende innanfor ein kunde, som for eksempel stramme tidsfristar, strukturen til revisjonsteamet og nærværet eller fråværet av andre tenestar. Ein revisor som arbeider veldig mange timar kan faktisk risikera å ikkje klare få revisjonskvaliteten til eit ønskja nivå (Knechel m.fl., 2013).

Ei rekkje forskingar har teke for seg «forstyrrende effektar» der det å tenkje på eller arve ein viss informasjon (f.eks. ein feil forklaring som ikkje er feil) hemmar revisoren sine evner til å vurdera alternativa (f.eks. ein faktisk feil) (Koonce, 1993; Messier, Simon & Smith, 2012). Forklaringar gitt av andre revisorar kan gjere revisoren i stand til å ta feil vurderingar (Church & Schneider, 1993; Yip-Ow & Tan, 2000).

2.4.3.3. Utfall

Man forbinder ofte utfallet, eller resultatet, av ein revisjon med revisjonskvalitet. I ein revisjonsprosess der merknadar om rettstvistar og liknande er fråverande, eller det blir gitt ein uttale om fortsatt drift, har tradisjonelt blitt sett på som høgare revisjonskvalitet. Ulike mål kan brukast for å vurdera resultatet av ein revisjon (Knechel m.fl., 2013).

Kvaliteten på finansiell rapportering eller resultatkvalitet kan brukast for å måle revisjonskvaliteten (Behn, Choi & Kang, 2008). Desse forskingane har derimot ei avgrensing sidan man ikkje kan separere revisjonskvaliteten så enkelt frå kvaliteten på den finansielle rapporteringa (Knechel, 2009). Dei to mest vanlege måla man brukar for å forklare rekneskapskvalitet er skjønsmessige periodiseringar og konservativ rekneskapsføring (Knechel m.fl., 2013). Forsking har vist ein negativ samanheng mellom nivået på totale skjønsmessige periodiseringar og revisjonskvalitetsmål som revisorspesialisering (Krishnan, 2003; Balsam, Krishan & Yang, 2003), dei største revisjonsfirmaa (Big N)(Francis, Maydew & Sparks, 1999; J. Kim, Chung & Firth, 2003), revisjonskontoret sin storleik (Francis & Yu, 2009) og lengda på revisjonsperioden (Myers, Myers & Omer, 2003).

Likevel blir det mykje diskutert om rekneskapskonservatisme er eit godt nok mål for rekneskapskvaliteten. Sjølv om folk ikkje blir einige, viser forskning at høgare nivå av

rekneskapskonservatisme er assosiert med mål for revisjonskvalitet (Knechel m.fl., 2013). For eksempel har DeFond, Lim og Zang (2012) funnet ut at det er ein negativ samanheng mellom rekneskapskonservatisme og rettssaker med ein revisor. Samanhengen er derimot positiv med ein revisor sin bransjespesialisering, storleik (Basu, Hwang & Jan, 2000) og lengre revisjonsperiodar (Jenkins & Velury, 2008).

2.4.3.4. Kontekst

Revisjonshonorar har det også blitt forska ein del på, ettersom det har ein påverknad på revisjonskvaliteten. Unormalt høge revisjonshonorar har ei kopling med kvaliteten på rekneskapsrapporteringa, ved at det kan vere eit teikn på at føretaket har rapporteringsproblem (Hribar, Kravet & Wilson, 2010). På bakgrunn av dette vil framtidige bedriftsresultat få ein nedgang (Picconi & Reynolds, 2010), aksjekursen vil sannsynleg få eit negativt prissjokk og kapitalkostnaden vil auke (Stanley, 2011; Hackenbrack, Jenkins & Pevzner, 2011; Hope, Kang, Thomas & Yoo, 2009). Auken vil skyldast risikoen som oppstår når honorara og revisorhjelpa er så stor at det kan påverke revisoren sin uavhengigheit. Kvaliteten treng heller ikkje vere positiv i eit motsette tilfelle der revisjonshonorara er låge. Slike tilfelle kan nemleg tyde på at kvaliteten er for låg og at revisjonsarbeidet ikkje er godt nok.

Andre ikkje-revisjonsrelaterte tenestar som eit revisjonsfirma gjer for sine kundar vil også spele inn på revisjonskvaliteten. I slike tilfelle blir det skapt ein tettare økonomisk relasjon som kan påverke revisoren sin uavhengigheit, og som dermed er ein fare for revisjonskvaliteten. Dette er derimot omdiskutert, ettersom nyare forskning hevdar at det er ein samanheng mellom ikkje-revisjonsrelaterte tenestar og revisoren sin uavhengigheit (Bedard, Deis, Curtis & Jenkins, 2008). Det er også argumentert for at ikkje-revisjonsrelaterte tenestar, som rådgjeving, vil vere gunstig og kan forbetre revisjonskvaliteten. Revisoren får ein moglegheit til å bli betre kjent med kunden han reviderer, som igjen vil hjelpe til i utføringa av arbeidet. På den måten kan det føre til ein forbetring av revisjonskvaliteten (Simunic, 1984; Lai & Krishnan, 2009; Knechel & Sharma, 2011; Krishnan & Yu, 2011; Svanström & Sundgren, 2012). Kunnskapen ein revisor har om sin kunde kan også variere på grunn av antall år revisoren har revidert føretaket. Eit slikt forhold mellom revisoren og kunden kan påverke revisjonskvaliteten (Chen, Lin & Lin, 2008; Chi, Huang, Liao & Xie, 2009; Carey & Simnett, 2006).

2.5. Revisoren sin påverknad på rekneskapskvaliteten

Med utgangspunkt i den valde problemstillinga og gjennomgangen av det teoretiske grunnlaget for denne oppgåva, vil eg i dette delkapittelet utlede hypotesar om samanhengen mellom revisoren sine eigenskapar og rekneskapskvaliteten.

Som sagt er rekneskapskvalitet og revisjonskvalitet to omgrep som har ei sterk kopling med kvarandre. Mykje av det som blir sagt i førre delkapittel om måling av revisjonskvaliteten, har også ein sterk påverknad på rekneskapskvaliteten. For eksempel blir revisoren brukt som mål på rekneskapskvalitet. Dette skyldast hans rolle i arbeidet med å redusera tilsikta og utilsikta feilrapporteringar. Revisoren sin evne til å redusera feilrapporteringar er ein funksjon av hans evne til både å oppdage feil og å justera for eller rapportera desse feila (DeAngelo, 1981). Forskarar spår at ein revisor sin evne til å oppdage feil er ein funksjon av revisoren sin innsats og effektivitet, og at ein revisor sine insentiv til å rapportera eller rette på feil avhenger av faktorar som rettstvistrisiko, omdømmekostnader og revisoren sin uavhengigheit (Dechow m.fl., 2010). Det kan vere skikkeleg vanskeleg å måle om ein revisor gjer eit godt arbeid eller ikkje. Ein solid innsats som resulterer i eit godt arbeid vil bidra til at rekneskapskvaliteten aukar. Men slike ting som revisoren sin innsats, effektivitet og insentiv er ikkje observerbare, og data for å konstruere mål og variablar kan vere vanskeleg å få tilgang til (Dechow m.fl., 2010). Det er derfor vanleg å bruke antall timar brukt på revisjonsoppdraget (Caramanis & Lennox, 2008) og revisoren sin bransjeekspertise (Krishnan, 2003) som mål på kvaliteten. Begge måla er også negativt assosiert med skjønnsmessige periodiseringar.

Høgare utdanning vil ha langvarige effektar på revisoren sin kunnskap, ferdigheitar og haldningar. Sidan revisjonskvaliteten vil påverkast av revisoren sin åtferd og dessutan deira kognitive evne (Knechel, 2000), kan man intuitivt gå ut ifrå at utdanning kan få betydning for revisjonskvaliteten. Vidare vil ein djup forståing for verksemder, forretningsrisikoar og strategiar vere avgjerande for revisoren sitt arbeid, og slik forståing vil både avhenge av kunnskap erverva gjennom utdanning og arbeidserfaring (Knechel, 2000; Kvikne, 2014). Solomon, Shields og Whittington (1999) forklarar at ein revisor sin kunnskap og ekspertise utviklar seg over tid når man har kontakt og arbeidar med kundar. Derfor er det mogleg å konkludera med at ein revisor med lengre revisjonserfaring har opparbeida seg meir revisjonskompetanse og vil tilby revisjonstenestar av betre kvalitet. Ein meir erfaren revisor

vil derfor gjennomføre betre kontrollrisikovurderingar, mønstergjenkjenning og evaluering av intern kontroll (Tubbs, 1992). Bonner (1990) argumenterer også for at erfaring hjelper revisorar med å utvikle meir omfattande kunnskap og forbetre deira evne til å bruke kunnskapen meir effektivt.

Yngre og nyutdanna revisorar manglar erfaring, men som menneske endrar man seg over tid. Man går i gjennom ulike fasar i løpet av karrieren og desse forandringane påverkar arbeidsinnsatsen (Cron, Dubinsky & Michaels, 1988). Når man byrjar som revisor vil revisjonskvaliteten vere lågare, fordi man er heilt ny i bransjen og har mykje igjen å lære. Etter nokre år med praksis tek man eit steg vidare og ønskjer stabilitet og sikkerheit. Man har nå kome til eit punkt i karrieren kor man er oppteken av profesjonell suksess. Det neste steget man kjem til er det som blir kalla vedlikehaldsfasen, og man antek her at kvaliteten på arbeidet er på det høgaste. Ein revisor vil i denne perioden fokusera på å behalde den nåverande posisjonen, ytingsnivået og statusen. For å gjere dette må man utvide kompetansen, omstille seg ved endringar og halde seg oppdatert på nye metodar og rutinar for å forbetre og oppretthalde kvaliteten på arbeidet (Cron m.fl., 1988). Etter at man har nådd toppunktet kan prestasjonen gradvis, i følgjande år, gå nedover. Når man nærmar seg pensjonsalder kan revisjonskvaliteten vere redusert, fordi man har byrja førebuinga på pensjonisttilværet. Revisoren kan i denne perioden psykologisk fristille seg frå arbeidet og ytinga vil derfor vere lågare (Cron & Slocum, 1986). Vil ein slik oppdeling av karrieren vere aktuell for norske revisorar? At man først har ein positiv tendens opp til eit visst antall år, før det snur og går nedover når man nærmar seg pensjonsalder. Det finst truleg veldig få studiar rundt dette og det ville derfor vore interessant å funne ut om dette er tilfellet.

Hypotese 1: Det vil vere ein positiv samanheng mellom antall år ein revisor har arbeidserfaring og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

Hypotese 2: Det vil vere ein negativ samanheng mellom revisorar som nærmar seg pensjonsalder og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

DeAngelo (1981) argumenterer blant anna for at Big N-revisorar er meir sjølvstendige og kan brukast som representant for revisjonskvalitet. Dette fordi at revisorar med fleire kundar har meir å tape ved å ikkje gjennomføre oppdraget med høg kvalitet. Dei kan då bli utsatt for sanksjonar i form av bøter eller kriminelle straffar, som då vil føre til at revisjonsfirmaet mistar sitt gode rykte. Feilrapporteringar vil dermed føre til at det vil gå dårlegare økonomisk når dei mistar sine kundar. Dette kan då sjåast på som ein sikkerheit for dei andre reviderte føretaka at revisoren ikkje gjer vesentlege feil i rapporteringa. Eit Big N-revisjonsfirma blir dermed forventa å ha meir kompetanse, ettersom storleiken på kontorlokalet har plass til fleire ekspertar. Dei vil ha stordriftsfordelar som gjer det meir effektivt å overvake revisjonskvaliteten (Watts & Zimmerman, 1982), og dei vil trekkje til seg og behalde personar med høg kompetanse. Dette gjer at dei har mange revisjonsinnspel av høg kvalitet (Dopuch & Simunic, 1982). Sjølv om det kjem fram her at det er mange fordelar med Big N-revisjonsfirma, så finst det også andre forskingar som kjem fram til at storleiken på revisjonsfirma ikkje er ein garanti for høgare revisjonskvalitet.

Big N-revisjonsfirma har ein høg marknadsandel i EU og dominerer når det kjem til offentlege føretak. Faren med denne dominansen i marknaden, spesielt blant børsnoterte føretak, er at man kan oppleve marknadskonsentrasjon. Dette vil påverke revisjonskvaliteten og store føretak vil for eksempel få for få leverandørar å velje mellom. Konsentrasjonen kan dermed føre til ein akkumulering av systematisk risiko, som kan forstyrre heile marknaden dersom eit av Big N-firmaa kollapsar. For den private føretaksgruppa er ikkje faren med marknadskonsentrasjonen høg. Her er det stort sett små og mange leverandørar av revisjonstenestar (Langli & Svanström, 2013).

Revisoren sin storleik har også ein samanheng med periodiseringskvaliteten. Dei fleste studiane som er gjennomført rundt revisoren sin storleik viser at føretak som brukar Big N-revisjonsfirma har mykje lågare skjønsmessige periodiseringar enn føretak som ikkje brukar Big N-firma (Becker, DeFond, Jiambalvo & Subramanyam, 1998; Francis m.fl., 1999; J. Kim m.fl., 2003). Dette betyr at føretak som har høgare periodiseringar mest sannsynleg har insentiv til å bruke eit Big N-firma til revisjonsarbeidet, nettopp for å auke truverda til rekneskapsinformasjonen. Til tross for bruk av Big N-revisjonsfirma hindrar ikkje det at ekstreme rekneskapsmanipulasjonar kan skje (Dechow, Sloan & Sweeney, 1996).

Hypotese 3: Det vil vere ein positiv samanheng mellom Big N-revisjonsfirma og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

Det er vanleg at den same revisoren reviderer eit føretak i ei årrekke. Over tid vil revisoren bli godt kjent med kunden sine forhold, som vil vere nødvendig for å kunne planleggje og gjennomføre revisjonen. Samstundes kan denne relasjonen føre til at det oppstår tillit mellom partane, som kan true revisoren sin uavhengigheit og objektivitet, og dermed den totale revisjonskvaliteten (Tepalagul & Lin, 2015). I tillegg til at lengda på forholdet mellom revisoren og kunden har ein sosial relasjon, vil det ha ein økonomisk relasjon. Det er ofte knyta ein kostnad med å skifte revisor, iallfall det første året. For ein revisor som kjenner føretaket sine rekneskaps- og interne kontrollsystem, tilsette og andre forhold, kan normalt gjennomføre ein meir effektiv og derfor rimelegare revisjon enn ein ny revisor. Dessutan kan ein revisor som har revidert føretaket året før, basera veldig mykje av revisjonsplanlegginga på relativt lite tidkrevjande oppdatering av førre års planlegging. Til tross for dette kan det likevel vere ein fordel for føretaket å skifte revisor etter ei stund. For ein ny revisor har som regel ein annan angrepsvinkel og kan sjå problem og moglegheiter som den tidlegare revisoren ikkje såg (Gulden, 2016). Forsking på dette området har dokumentert både positive (C. Chen m.fl., 2008; Chi m.fl., 2009) og negative (Carey & Simnett, 2006) forhold mellom lengda på oppdraget og rekneskapskvaliteten. Det er derimot få forskingar som har undersøkt norske forhold og kva påverknad dette har på rekneskapskvaliteten.

Hypotese 4: Antall år ein revisor reviderer eit føretak har ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

Hypotese 5: Ein revisorrotasjon vil ha ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

Forholdet mellom revisjonshonorar og periodiseringskvaliteten varierer og er avhengig av kva for ein type honorar det dreiar seg om. Enten vil det vere vanlege revisjonshonorar eller så vil det vere honorar i forbindelse med rådgjevingstenestar og liknande. Samstundes vil bestemte mål for periodiseringskvalitet vere avgjerande (Frankel, Johnson & Nelson, 2002; Ferguson, Seow & Young, 2004; Francis & Ke, 2006; Dechow m.fl., 2010). Når det gjeld

revisjonshonorara viser Gul og Srinidhi (2007) sin studie at vanlege revisjonshonorar har ein signifikant positiv effekt, medan honorar knyta til rådgjevingstenestar har ein signifikant negativ effekt på periodiseringskvaliteten.

Forskarar har dokumentert at unormale revisjonshonorar, altså revisjonshonorar som er mykje høgare enn norma, kan vere ein indikasjon på økonomiske rapporteringsproblem i eit føretak (Hribar m.fl., 2010). Samstundes kan det oppfattast som at revisoren er økonomisk bunden til kunden, noko som kan føre til tap av uavhengigheita (Hope m.fl., 2009). Men oftast skyldast det bare den nødvendige innsatsen ein revisor må leggje ned for å gjere arbeidet sitt, og dette kan derfor vere eit teikn på høgare kvalitet. I eit motsett tilfelle, kor revisjonshonorara er unormalt låge, kan det også indikera at revisjonskvaliteten er låg. Dette kan signalisera at revisjonsarbeidet ikkje er gjennomført godt nok (Ettredge, Li & Fuerherm, 2014; Krishnan & Zhang, 2013). I tillegg er det eit stort prispress og ein sterk konkurranse i revisjonsbransjen, som kan føre til ein lågare kvalitet. Det vil derfor vere vanskeleg å seie noko om unormale revisjonshonorar har ein positiv eller negativ påverknad på rekneskapskvaliteten. Eg vil derfor prøve å finne det ut for dei norske børsnoterte føretaka.

Hypotese 6: Det vil vere ein negativ samanheng mellom unormalt store revisjonshonorar og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

I dag er det forbode å tilby forskjellige ikkje-revisjonsrelaterte tenestar til revisjonskundar (revl. 1999, §4-5). Slike tenestar kan nemleg svekkje revisoren sin uavhengigheit og objektivitet, samstundes som det kan true revisjonskvaliteten. For ein revisor kan det vere meir krevjande å oppretthalde uavhengigheita når det oppstår økonomiske gevinstar. Hans erfaring og kompetanse skal hindre at han får insentiv til å gjere noko som er til fordel for kunden og heller rapportera feilvurderingar som har skjedd, sjølv om dette kan føre til at han mistar kunden og framtidig inntekt (Gulden, 2015). Til tross for dette har forskjellige forskingar funnet bevis for at utførte ikkje-revisjonsrelaterte tenestar også kan ha ein positiv påverknad på revisjonskvaliteten. Revisoren får meir kunnskap om føretaket og kan då forbetre og effektivisere kvaliteten på revisjonsarbeidet (Knechel & Sharma, 2011; Svanström & Sundgren, 2012).

Hypotese 7: Det vil vere ein negativ samanheng mellom storleiken på ikkje-revisjonsrelaterte tenestar som blir tilbydd eit børsnotert føretak og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

3. Metode

I dette kapitlet vil eg greie ut om kva metodar som er relevante å bruke for å teste hypotesane. Metodar, mål og utrekningar vil ta utgangspunkt i tidlegare anerkjend forskning. Først vil eg presentera dei overordna metodiske vala mine, før eg deretter vil gå nøye igjennom dei avhengige og uavhengige variablane eg skal bruke i regresjonsanalysar. I tillegg skal eg greie ut om datainnsamlinga og korleis datautvalet har blitt gjort. Heilt til slutt vil dette kapitlet blant anna ta opp modellane sine pålitelegheitsbekymringar.

3.1. Overordna forskingsdesign

I denne oppgåva skal eg bruke den kvantitative metoden for å finne ut korleis revisoren sine eigenskapar påverkar rekneskapskvaliteten. Den kvantitative metoden gjer det nemleg lettare å handtera data om dei børsnoterte føretaka i Noreg. Dei innsamla dataa frå 2014-2018 vil bli analysert og framstilt i tabellar, og eg kjem til å bruke dei for å gjennomføre regresjonsanalysar. Desse dataa, som er ulike måla på rekneskaps- og revisjonskvalitet, vil forhåpentlegvis gje eit svar på problemstillinga. For å få eit mål på rekneskapskvalitet skal eg bruke to forskjellige modellar. Desse modellane gjev derfor kvar sitt kvalitetsmål, som vil bli kalla AQ₁ og AQ₂, og dei vil vere dei avhengige variablane i regresjonsmodellane. I tillegg vil eg utarbeide ulike testvariablar for revisjonskvaliteten, som vil representera revisoren sine eigenskapar. Ved å gjennomføre regresjonsanalysar av desse rekneskapsmodellane, samt måla på revisjonskvalitet, kan eg ende opp med eit resultat som støttar hypotesane mine.

3.2. Rekneskapskvalitet

Dei siste tiåra er det gjennomført mange studiar av rekneskapskvalitet. Til tross for at målet med dei utførte analysane og testane er det same, blir det i litteraturen brukt forskjellige rekneskapspostar og miljøfaktorar for å måle rekneskapskvaliteten. Det er derfor mogleg å møte heilt forskjellige modellar. Mange av studiane brukar modellar som tek utgangspunkt i resultatskvalitet og periodiseringar for å måle rekneskapskvaliteten. Den beste metoden å

bruke er periodiseringar, sidan desse er enklare å styre samanlikna med overskot og kontantstraumar (Dechow m.fl., 2010). Fokuset i denne studien vil derfor vere å greie ut om periodiseringar.

Periodiseringar kan nemleg vere med å redusera resultat kvaliteten, ettersom periodiseringar er ein av komponentane som utgjer årsresultatet. Ved auka estimeringsfeil og manipulering, viser Dechow og Dichev (2002) sin studie at resultat- og periodiseringskvaliteten vil reduserast. Ved bruk av skjønn kan dei styre resultatet den vegen dei ønskjer, og på den måten vil også periodiseringane bli utsett for manipulasjon (Dechow, 1994). For å rekne ut periodiseringskvaliteten blir det blant anna brukt ein modell som målar unormale/skjønsmessige periodiseringar i totale periodiseringar og ein annan målar skjønsmessige periodiseringar i kortsiktige periodiseringar (også kalla arbeidskapitalperiodiseringar). Kvar og ein vil bli drøfta nedanfor.

3.2.1. Totale periodiseringar

Totale periodiseringar er det vanlegaste utgangspunktet for å måle periodiseringar, og det kan reknast ut på to forskjellige måtar. Man kan enten gjennomføre utrekninga ved å bruke ein balansebasert tilnærming eller ein kontantstraumoppstillingsbasert tilnærming. Healy (1985) har for eksempel brukt den balansebaserte tilnærminga i sine studiar. I eit slikt tilfelle blir dei totale periodiseringane formulert på følgjande måte:

$$TA_t = (\Delta CA_t - \Delta Cash_t - \Delta CL_t + \Delta STD_t - DEP_t) / (A_{t-1})$$

Kor:

TA_t	=	Totale periodiseringar i år t;
ΔCA_t	=	Endring i omløpsmidlar i år t;
$\Delta Cash_t$	=	Endring i kontantar og kontantekvivalentar i år t;
ΔCL_t	=	Endring i kortsiktig gjeld i år t;
ΔSTD_t	=	Endring i gjeld inkludert i kortsiktig gjeld i år t;
DEP_t	=	Avskrivings- og amortiseringskostnadar i år t;

$$A_{t-1} = \text{Totale eigendelar i år } t \text{ minus } 1.$$

Den andre metoden som blir brukt for å rekne ut totale periodiseringar er den kontantstraumoppstillingsbaserte tilnærminga. Den blir rekna ut på følgjande måte (Dechow m.fl., 1995):

$$TA = NI - CFO$$

Kor:

$$NI = \text{Nettoinntekt};$$

$$CFO = \text{Kontantar frå driftsaktivitetar.}$$

Mange tidlegare studiar har brukt den balansebaserte tilnærminga for å rekne ut totale periodiseringar. I følgje Hribar og Collins (2002) er det feil å rekne det ut på den måten. Deira undersøking har funne ut at den kontantstraumoppstillingsbaserte tilnærminga er meir vellykka, sidan metoden er betre eigna til å forklare dei totale periodiseringane.

Balansemetoden bærer preg av hyppigare og eit større omfang av målefeil for å estimera og rekne ut periodiseringane (Hribar og Collins, 2002). Men samstundes har balansemetoden den fordel at den tillate å bruke eit større datasett og lengre tidsseriar enn studiar som brukar kontantstraummetoden (McNichols, 2000).

3.2.2. Skjønsmessige periodiseringar – Jones og den modifiserte utgåva

Dei totale periodiseringane blir også delt inn i ein unormal og ein normal del, også kalla skjønsmessige og ikkje-skjønsmessige periodiseringar:

$$TA = DA + NDA$$

Kor:

$$TA = \text{Totale periodiseringar};$$

- DA = Skjønnsmessige periodiseringar;
- NDA = Ikkje-skjønnsmessige periodiseringar.

Ikkje-skjønnsmessige periodiseringar reflekterer grunnleggjande eller forventa resultat, medan skjønnsmessige periodiseringar reflekterer skeivskap som følgje av bruken av rekneskapsreglar (Dechow m.fl., 2010). For å rekne ut skjønnsmessige periodiseringar blir dei ikkje-skjønnsmessige periodiseringane trekt i frå dei totale periodiseringane. Det er nemleg skjønnsmessige periodiseringar man prøver å isolera frå totale periodiseringar for å måle rekneskapsmanipulasjon og rekneskapskvaliteten. Det er derfor skjønnsmessige periodiseringar er det mest brukte målet på dette innan empirisk rekneskapsforskning (Dechow m.fl., 2010). I desse skjønnsmessige periodiseringane kan leiinga justera kontantstraumen og flytte inntekter mellom periodar, og på den måten manipulera rekneskapet.

I dag er det fleire forskjellige modellar å velje mellom når man reknar ut dei totale periodiseringane. Guay, Kothari og Watts (1996) er blant mange som har samanlikna desse modellane for ikkje-skjønnsmessige periodiseringar. Dei har funnet ut at Healy-modellen (1985), som var den første til å ta i bruk totale periodiseringar, ikkje er effektiv til å isolera skjønnsmessige periodiseringar på grunn av opportuniste, fast yting eller støy. Dei hevder vidare at den gjennomsnittlege forklaringskrafta til Healy-modellen er mykje mindre enn Jones-modellen (Jones, 1991) og den modifiserte Jones-modellen (Dechow m.fl., 1995). I dag er det denne modifiserte Jones-modellen og Kothari-modellen (Kothari, Leone & Wasley, 2005) som verkar mest feilfri og oppdatert for å måle rekneskapskvaliteten basert på totale periodiseringar (Dechow m.fl., 2010). På grunnlag av dette har eg valt å bruke den modifiserte Jones-modellen som mål på dei totale periodiseringane.

I 1991 utvikla Jennifer Jones ein av dei første modellane som direkte estimerar skjønnsmessige periodiseringar. Det nye med denne modellen er at man tek omsyn til endringar i føretaket sin finansielle stilling. Dette skyldast at dei ikkje-skjønnsmessige periodiseringane kan forandre seg ettersom dei baserar seg på føretaket sin økonomiske situasjon (Dechow m.fl., 1995). Jones (1991) inkluderer derfor endringar i inntekter og nivået på brutto eigendelar, anlegg og utstyr (PPE), delt på totale eigendelar, som ein bestemmande

faktor for ikkje-skjønsmessige periodiseringar. Ved hjelp av ein regresjonsmodell klarer Jones sin modell å estimera dei ikkje-skjønsmessige periodiseringane. Ved å subtrahere dette estimatet frå dei totale periodiseringane fant ho dei skjønsmessige periodiseringane. Jones-modellen kan derfor skrivast på følgjande måte:

$$NDA_t = \beta_1(1/A_{t-1}) + \beta_2(\Delta REV_t) + \beta_3(PPE_t)$$

Kor:

NDA_t = Ikkje-skjønsmessige periodiseringar i år t, delt på totale eigendelar i år t-1;

A_{t-1} = Totale eigendelar i år t-1;

ΔREV_t = Inntekter i år t minus inntekter i år t-1, delt på totale eigendelar i år t-1;

PPE_t = Varige driftsmidlar i år t, delt på totale eigendelar i år t-1;

β_1, β_2 og β_3 = Selskapsspesifikke parameterar.

I modellen skal alle ledda delast på totale eigendeler i år t-1. Dette blir gjort for at modellen kontrollerer for storleik og korrigerer for heteroskedastisitet. Dei selskapsspesifikke parameterane $\beta_1, \beta_2, \beta_3$ (betaer) er rekna ut ved hjelp av minste kvadraters metode (OLS). Regresjonsmodellen for å estimera dei selskapsspesifikke parameterane β_1, β_2 og β_3 i estimeringsperioden blir følgjande (Dechow m.fl., 1995):

$$TA_t = \beta_1(1/A_{t-1}) + \beta_2(\Delta REV_t) + \beta_3(PPE_t) + \varepsilon_t$$

Kor:

β_1, β_2 og β_3 = MKM (minste kvadraters metode) – estimat på $\beta_1, \beta_2, \beta_3$;

TA_t = Totale periodiseringar i år t;

ε_t = Feilledd (restverdi) i år t, som representerer nivået av skjønsmessige periodiseringar frå TA.

TA, ΔREV og PPE skal delast på totale eigendelar i år t-1.

Jones-modellen antek at all inntekt er ikkje-skjønsmessige og inkluderer endringane i kundefordringar som ein bestemmende faktor for ikkje-skjønsmessige periodiseringar. Hovudproblemet med Jones-modellen er då at den har låg effekt i tilfelle føretak manipulerar inntekter gjennom feilinformasjon i kundefordringar (Guay m.fl., 1996). For å redusera dette problemet, introduserte Dechow m.fl. (1995) den såkalla modifiserte Jones-modellen som prøver å skilje endringane i inntekt frå endringane i kundefordringar.

Den modifiserte modellen er ganske lik den opphavlege Jones-modellen, men har i tillegg lagt til eit ledd for endringar i kundefordringar. Kundefordringar blir kategorisert som ein bestemmende faktor for ikkje-skjønsmessige periodiseringar og Dechow m.fl. (1995) har derfor valt å bruke kontantinntekter i staden for rapporterte inntekter (Guay m.fl., 1996). Derfor skjer det ein liten endring i funksjonsuttrykket:

$$NDA_t = \beta_1(1/A_{t-1}) + \beta_2(\Delta REV_t - \Delta REC_t) + \beta_3(PPE_t) + \varepsilon_t$$

Kor:

$$\Delta REC_t = \text{Netto kundefordringar i år } t \text{ minus netto kundefordringar i år } t-1, \\ \text{delt på totale eigendelar i år } t-1.$$

Dei estimerte betaane og dei skjønsmessige periodiseringane er rekna ut på den same måten som i den opphavlege Jones-modellen. Den einaste forskjellen er at endringar i inntekter er justert for endringar i kundefordringar under hendingsperioden for å unngå målefeil, og i tillegg blir ein tversnittstilnærming brukt for å unngå skeivskap (Dechow m.fl., 1995).

Den modifiserte Jones-modellen antek implisitt at all endring i hendingsperioden skyldast rekneskapsmanipulering, i motsetnad til Jones-modellen som implisitt antek at manipulering ikkje skjer via salsinntekt korkje i estimeringsperioden eller hendingsperioden (Dechow m.fl., 1995). Sjølv om både Jones og den modifiserte Jones-modellen har blitt brukt ofte, har ei rekkje studiar påpeika at desse modellane byr på forskjellige problem. For eksempel argumenterer Bernard og Skinner (1996) for at unormale periodiseringar ved bruk av Jones-

modellar og liknande reflekterer målefeil. Dette skyldast at normale periodiseringar er feilklassifisert som unormale periodiseringar.

3.2.3. Kortsiktige periodiseringar – DD-modellen og den modifiserte utgåva

Den andre modellen som blir brukt for å rekne ut periodiseringskvaliteten er utvikla av Dechow og Dichev (2002). Som den totale periodiseringsmodellen, baserar denne tilnærminga seg på periodiseringane sin rolle ved kva for nokre postar som skal omfattast og korleis desse økonomiske ytingane skal målast. Forskjellen er at denne fokuserer på arbeidskapitalperiodiseringar i rekneskapet (kortsiktige periodiseringar).

Periodiseringskvaliteten blir derfor målt ved å sjå på estimeringsfeil i dei kortsiktige periodiseringane. Dersom dei kortsiktige periodiseringane ikkje har samanheng med den operasjonelle kontantstraumen i den tida kor periodiseringa blir teken med i rekneskapet, kan dette oppfattast som ein periodiseringsfeil. Altså vil ikkje inntekter og kostnader, som er teke med i rekneskapet, vere korrekte og dei vil derfor ikkje gje eit realistisk og riktig bilete av perioden sitt resultat. For det er nemleg det som er periodiseringane sin oppgåve, å justera og fordela inn- og utgåande kontantstraum slik at den tilhøyrande inntekta og kostnaden blir samanstillt med rett beløp til rett tidspunkt.

Dechow og Dichev (2002) sin regresjonsmodell («DD-modellen») prøver å måle rekneskapskvaliteten ved å sjå på samanhengen mellom årets endring i kortsiktige periodiseringar og fjorårets, inneverande og etterfølgjande års operasjonelle kontantstraum. Dette blir gjort fordi at periodiseringar kan føresjå framtidige kontantbetalingar og reversere tidlegare innrekna periodiseringskontantar når dei blir mottekne/betalt. Residualen blir derfor endringa i dei kortsiktige periodiseringane som ikkje kan forklarast av regresjonsmodellen, og standardavviket til residualen er føretaket sitt mål på periodiseringskvaliteten. Jo større standardavviket er, desto lågare vil periodiseringskvaliteten vere. Firma med større standardavvik vil typisk ha mindre vedvarande inntekter, lengre driftssyklusar, større periodiseringar og meir ustabile kontantstraumar, periodiseringar og inntekter. Slike firma vil normalt vere mindre og rapporterer mest sannsynleg med tap. Desse eigenskapane aukar dermed sannsynet for estimeringsfeil ved periodisering og dermed lågare periodiseringskvalitet (Dechow m.fl., 2010).

Dechow og Dichev (2002) sin modell for periodiseringskvalitet:

$$\Delta WC_t = \beta_0 + \beta_1(CFO_{t-1}) + \beta_2(CFO_t) + \beta_3(CFO_{t+1}) + \varepsilon_t$$

Kor:

ΔWC_t = Endring i arbeidskapitalperiodisering, delt på totale eigendelar i år t-1;

CFO_{t-1} = Kontantstraum frå drift førre år t-1, delt på totale eigendelar i år t-1;

CFO_t = Kontantstraum frå drift inneverande år t, delt på totale eigendelar i år t-1;

CFO_{t+1} = Kontantstraum frå drift neste år t+1, delt på totale eigendelar i år t-1;

ε_t = Feilledd i år t;

β_1, β_2 og β_3 = Selskapsspesifikke parameterar.

I denne modellen skal også alle ledda delast på totale eigendeler i år t-1. Som nemnt, kontrollerer modellen då for storleik og korrigerer for heteroskedastisitet. Dei selskapsspesifikke parameterane $\beta_1, \beta_2, \beta_3$ er rekna ut ved hjelp av minste kvadraters metode. Regresjonsmodellen for å estimera dei selskapsspesifikke parameterane β_1, β_2 og β_3 i estimeringsperioden blir følgjande (Dechow & Dichev, 2002):

$$TCA_t = \beta_0 + \beta_1(CFO_{t-1}) + \beta_2(CFO_t) + \beta_3(CFO_{t+1}) + \varepsilon_t$$

Kor:

β_1, β_2 og β_3 = MKM (minste kvadraters metode) – estimat på $\beta_1, \beta_2, \beta_3$;

TCA_t = Totale kortsiktige periodiseringar i år t;

ε_t = Feilledd (restverdi) i år t, som representerer nivået av skjønsmessige periodiseringar frå TCA.

TCA_t, CFO_{t-1}, CFO_t og CFO_{t+1} skal delast på totale eigendelar i år t-1.

Denne modellen brukar total kontantstraum frå drift (CFO). Dermed blir dei uavhengige variablane i uttrykket målt med feil, noko som antyder at regresjonskoeffisientane sannsynlegvis vil vere partiske mot 0 og R^2 vil reduserast. Teoretisk sett blir det forventa at koeffisientane har desse verdiane (Dechow & Dichev, 2002; Svalestuen, 2016):

1. $0 < \beta_1 < 1$. Det vil då vere ein positiv assosiasjon med førre år sin kontantstraum. Nokre periodiseringar vil utsetje at kontantstraumen blir teke med i rekneskapsresultatet. På grunnlag av dette blir det forventa at ein del av fjoråret sin kontantstraum inngår i periodiseringane det følgjande året.
2. $-1 < \beta_2 < 0$. Det vil då vere ein negativ assosiasjon med inneverande års operasjonelle kontantstraum. I rekneskapsamheng vil resultatet bestå av netto periodiseringar og kontantstraum. Viss kontantstraumskomponenten er høg, vil periodiseringskomponenten vere låg. Det vil derfor vere ein negativ samanheng mellom periodiseringar og kontantstraum.
3. $0 < \beta_3 < 1$. Det vil då vere ein positiv assosiasjon med neste års operasjonelle kontantstraum. Dette betyr at dersom dei kortsiktige periodiseringane aukar, vil også den operasjonelle kontantstraumen auke i året som kjem.

Residualen, ε_t , representerer estimeringsfeilen i kortsiktige periodiseringar som ikkje kan forklarast med operasjonell kontantstraum frå året før, inneverande år eller neste år.

I tillegg kan det nemnast at Dechow og Dichev (2002) i sin forskning ikkje har forsøkt å skilje mellom tilsikta og utilsikta målefeil i sin modell. Dette grunnjev dei med at tilsikta målefeil, som rekneskapsmanipulasjon, vil vere veldig vanskeleg å oppdage og at eksistensen av målefeil gjer at man uansett kan konkludera med at periodiseringskvaliteten er redusert. Store periodiseringar gjev derfor eit signal om låg resultat kvalitet og mindre stabil inntening over tid.

Denne modellen har av fleire grunnar fått kritikk i ettertid av både McNichols (2002) og Francis, LaFond, Olsson og Schipper (2005). McNichols (2002) seier at modellen ikkje handterer periodiseringar som skjønsmessige og ikkje-skjønsmessige periodiseringar, og har dermed ei mangelfull evne til å måle periodiseringskvaliteten. Modellen tek ikkje omsyn til at økonomiske og strukturelle faktorar kan forklare variasjonen i periodiseringane sin

presisjon. I tillegg bør skiljet som er brukt i Jones-modellen (1991) brukast for å vidareutvikle denne modellen. McNichols (2002) seier også at analysen viser at Jones-modellen er betydeleg assosiert med tidlegare, nåverande og framtidige kontantstraumar. Som eit resultat av det antek McNichols (2002) at ein kombinasjon av dei to modellane vil auke forklaringa til begge modellane. I tillegg vil det føre til at dei to modellane reduserer feila til kvarandre. Det vil då skje ei forbetring i målefeila i Jones-modellen sine skjønsmessige periodiseringar og DD-modellen sitt mål på periodiseringskvalitet.

Estimeringsresultata i DD-modellen (2002) viser at viss man legg til kontantstraumar til Jones-modellen (1991), vil man redusera at modellen hoppar over variablane angående økonomiske hendingar. I den samanhengen har McNichols (2002) også gitt uttrykk for at målefeila i Dechow og Dichev-modellen (2002) kan hindra effektiv kontroll av dei grunnleggjande variablane som påverkar periodiseringane. Det er grunnen til å leggje inntektsvariabelen til DD-modellen som eit nyttig sjekkpunkt for måling av feilen i kontantstraumverdiar. McNichols har derfor vidareutvikla Dechow og Dichev sin modell ved å leggje til endring i inntekt og den rekneskapsmessige verdien på varige driftsmidlar. Det er denne modifiserte utgåva eg kjem til å bruke som mitt andre mål på periodiseringskvalitet.

Modellen har følgjande variablar, kor dei estimerte betaane og dei skjønsmessige periodiseringane er rekna ut på den same måten som i den opphavlege DD-modellen:

$$\Delta WC_t = \beta_0 + \beta_1(CFO_{t-1}) + \beta_2(CFO_t) + \beta_3(CFO_{t+1}) + \beta_4(\Delta REV_t) + \beta_5(PPE_t) + \varepsilon_t$$

Kor:

ΔREV_t = Inntekt i år t minus inntekt i år t-1, delt på totale eigendelar i år t-1;

PPE_t = Varige driftsmidlar i år t, delt på totale eigendelar i år t-1.

Å bruke standardavviket til residualen som mål på periodiseringskvalitet er ikkje problemfritt. I tilfelle kor variasjonen i residualen aukar, vil også standardavviket auke. Det vil seie at

situasjonar som har observasjonar med høge residualar, vil gje eit lite standardavvik. I eit motsett tilfelle kor residuala er små vil standardavviket bli høgare, men det vil likevel variere. Det er ikkje nødvendigvis slik at variasjonen i residualen er viktigare enn storleiken, man kan kanskje seie at storleiken er ein viktigare peikepinn på kvaliteten på periodiseringane (Galåen, 2010; Svalestuen, 2016).

3.2.4. Operasjonalisering av dei avhengige variablane

For å teste og måle rekneskapskvaliteten har eg derfor valt å bruke den modifiserte Jones-modellen (Dechow m.fl., 1995) og McNichols (2002) sin modell. Den første målar totale periodiseringar, medan den andre brukar kortsiktige periodiseringar for å gje oss residualar som kan brukast til å estimere eit mål på rekneskapskvaliteten.

Den modifiserte regresjonsmodellen til Jones, som er ein av dei mest brukte metodane, tek utgangspunkt i følgjande variablar: totale periodiseringar (TA), totale eigendelar frå periode $t-1$ (A_{t-1}), endring i salsinntekt minus endring i kundefordringar ($\Delta REV - \Delta REC$) og verdi på varige driftsmidlar (PPE). For å rekne ut periodiseringane som er knyta til drifta, skal eg følge Hribar og Collins (2002) sine råd om å bruke kontantstraumsmetoden. TA blir dermed rekna ut ved å ta netto rekneskapsmessig resultat minus netto kontantstraum. I teorien skal val av utrekningsmetode for totale periodiseringar ikkje ha noko betydning, men sidan ulike studiar innan rekneskapskvalitet ofte tek utgangspunkt i eit stort utval av føretaksdata i ulike sektorar over fleire år, kan val av metode påverke konklusjonen.

Den neste variabelen $\Delta REV - \Delta REC$ reknar ut endringa i inntekta subtrahert med endringa i kundefordringar. Grunnen til at kundefordringane blir trekt i frå er at man antek at det er enklare å manipulera inntektsføringa av kredittsal enn ved eit kontantsal (Dechow m.fl., 1995). I slutten av regresjonsmodellen har man PPE, som er samleposten for alle varige driftsmidlar. Alle variablane i modellen skal samstundes delast på totale eigendelar i år $t-1$, det vil seie dei totale utgåande eigendelane minus dei inngåande eigendelane. Ved hjelp av denne regresjonen for totale periodiseringar vil man ende opp med å få dei selskapsspesifikke residuala som kan brukast som den avhengige variabelen for rekneskapskvalitet. Desse residuala er dei skjønsmessige periodiseringane som ikkje kan forklarast av endringa i

inntekt og kundefordringar og dei varige driftsmidla. Rekneskapskvaliteten frå denne modellen vil dermed bli kalla AQ₁.

McNichols (2002) sin modell er ein modifisert utgåve av Dechow og Dichev (2002) sin modell. DD-modellen har følgjande variablar: endring i arbeidskapital (ΔWC), operasjonell kontantstraum frå dette året (CFO_t), operasjonell kontantstraum frå i fjor (CFO_{t-1}) og operasjonell kontantstraum for neste år (CFO_{t+1}). I tillegg har den modifiserte modellen variablar som man kjenner igjen i frå Jones-modellen: endring i inntekta (ΔREV) og varige driftsmidler (PPE). McNichols sin modell er dermed ein slags kombinasjon av dei ordinære Jones- og DD-modellane, og som utnyttar styrken til begge modellane.

ΔWC er den avhengige variabelen, som man reknar ut ved å finne endringa i arbeidskapital frå det eine året til det andre. Arbeidskapitalen for det eine året finn man ved å subtrahere omløpsmidlar med kortsiktig gjeld. Resten av variablane er derfor uavhengige. Dei uavhengige CFO-ane for dei forskjellige åra tek utgangspunkt i føretaka sin netto kontantstraum i tidsperioden 2014 til 2018, altså det dei har fått inn og brukt pengar på. I tillegg vil PPE og ΔREV vere likt som i den modifiserte Jones-modellen, med unntak av at man ikkje trekkjar i frå kundefordringane på inntekta. I denne modellen skal også alle variablane delast på totale eigendelar i år t-1. Dei selskapsspesifikke residuala frå denne regresjonen, eller med andre ord den endringa i arbeidskapitalen som ikkje kan forklarast av dei uavhengige variablane, kan tolkast som ein estimeringsfeil. Desse residuala til den kortsiktige periodiseringa blir brukt som den avhengige variabelen AQ₂.

AQ₁ og AQ₂ gjev dermed eit mål på skjønsmessige periodiseringar og er ein indikasjon på kor mykje manipulasjon det kan vere i rekneskapet.

3.3. Revisjonskvalitet

Revisjonskvalitet handlar om kvaliteten på revisjonsarbeidet som er gjennomført av eit revisjonsfirma eller ein ekstern revisor. Eit kvart tiltak som kan sikre at revisjonsoppdraget blir gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk er med på å styrkje kvaliteten på

revisjonen. For å vurdere kvaliteten på revisoren sitt arbeid vil eg presentera ulike krav til hans personlege eigenskapar og gjennomføringa av arbeidet.

Ein revisor gjev ei revisjonsberetning på arbeidet som han har granska. For at samfunnet kan stole på at denne revisjonsberetninga er gjort på skikkeleg vis, må rekneskapsbrukarane vere sikre på revisoren sin integritet og objektivitet. Med andre ord vil dette seie at revisoren til ein kvar tid utførar sitt arbeid på grunnlag av faglege motiv og ikkje let seg påverke av egne eller andre sine ønskjer og behov. Samstundes må revisoren vere både tilsynelatande og verkeleg uavhengig, altså korleis omverda og revisoren sjølv oppfattar hans situasjon når det gjeld uavhengigheit.

Med utgangspunkt i hypotesane og desse krava, ønskjer eg å finne ut om det er ein samheng mellom dei valte uavhengige variablane og rekneskapskvaliteten. Ut i frå krava kan man sjå på korleis graden av revisjonskvalitet varierer med ein revisorrotasjon og antall år revisoren har vore oppdragsansvarleg for føretaket. Revisjonshonorara og ikkje-revisjonsrelaterte tenestar måle revisoren sin uavhengigheit ved å undersøkje om rekneskapskvalitet og revisjonskvalitet har ein samheng. I tillegg vil eg inkludera variablar knyta til revisorar som nærmar seg pensjonsalder, storleiken på revisjonsfirmaet og revisoren sin faglege erfaring. I praksis blir det brukt mange forskjellige proxyvariablar for å måle revisjonskvaliteten, men til tross for det er det nesten umogleg å fange heile kompleksiteten ved omgrep. Ein enkel proxy har både positive og negative sider, men kva for ein proxy som er den beste å bruke, har forskarar ikkje blitt samde om. Det meste avhenger av kva formålet med studien er (Defond & Zhang, 2014). I dei neste delkapitla skal eg gå i gjennom desse variablane som eg ønskjer å teste.

3.3.1. Revisoren sin erfaring

For å bli godkjent som revisor må man blant anna ha minst tre års variert praksis i revisjon av årsrekneskap eller tilsvarende økonomiske oppgjer (revl. §3-3). Man må stadig halde seg oppdatert på ny informasjon og pleie den kunnskapen man har. For at ein revisor skal kunne godkjennast må han også oppfylle dei personlege krava som er sette, nemleg ha ført ein heiderleg vandel, vere myndig og vere i stand til å oppfylle sine forpliktingar etter kvart som

dei forfell. Samstundes må revisoren oppfylle krava til kontorstad i Noreg, bustad i EØS-stat og trygdgjeving.

Etter at ein revisor får sin godkjenning vil han gradvis, for kvart år han praktiserer, opparbeide seg meir og meir kunnskap. Eg vil derfor bruke revisoren sin faglege erfaring som eit mål på revisjonskvalitet. I forhold til den første hypotesen ønskjer eg å sjå om det er ein positiv samanheng mellom antall år revisoren har hatt sin godkjenning og rekneskapskvaliteten. For å få til dette, må eg finne det årstalet som revisoren fekk sin godkjenning og gjere det om til antall år. I Finanstilsynet sine registrarar står det kor tid revisoren blei godkjent som statsautorisert revisor. Frå denne dagen og fram til i dag har dei fått praktisera som ansvarleg revisor.

Sidan denne studien har ekstremverdiar og det kan ha ein stor påverknad på regresjonsanalysane, vil eg derfor bruke metoden som tek den naturlege logaritmen av revisoren sin erfaring. Ved hjelp av den naturlege logaritmen blir dataa transformert og den lineære samanhengen blir betre (Hay, Knechel & Wong, 2006).

3.3.2. Pensjonsalder

Ein revisor som nærmar seg pensjonsalder kan gjere eit dårlegare arbeid enn yngre revisorarar. Personar i denne alderen kan førebu seg på pensjonisttilværet og psykologisk fristille seg frå arbeidet. Det vil derfor vere interessant å sjå om dette kan ha ein påverknad på rekneskapskvaliteten. For den andre hypotesen skal eg finne ut om det er ein negativ samanheng mellom revisorarar som nærmar seg pensjonsalder og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Eg inkluderer derfor ein dummyvariabel for personar som nærmar seg pensjonsalder. I dette tilfellet vil det seie personar som er født i 1958 eller tidlegare. Revisorane vil i dag vere 62 år eller eldre, og vil derfor ha moglegheit for å starte sine uttak av alderspensjonen. Denne x-variabelen vil få verdien 1 viss revisoren er over 62 år og 0 elles.

3.3.3. Revisorstorleik

Revisorstorleik har også i ein del tidlegare studiar blitt brukt som forklaringsvariabel for revisjonskvalitet (Myers m.fl., 2003; C. Chen m.fl., 2008; H. Kim, Lee & Lee, 2015). Denne

forklaringsvariabelen for revisjonskvalitet, som ofte blir målt med Big N, har ofte ein signifikant, positiv påverknad på kvaliteten. Eit Big N-revisjonsfirma er dei største profesjonelle tenestenettverka i verda og består i dag av Deloitte, Ernst & Young, KPMG og PricewaterhouseCoopers. Eit stort fleirtal av dei offentlege føretaka, samt mange private føretak, blir revidert av desse revisjonsfirmaa. Ofte er det dei største og mellomstore føretaka som blir revidert av eit Big N-firma.

Som nemnt tidlegare har revisorar med fleire kundar meir å tape ved å ikkje gjennomføre oppdraget med høg kvalitet. Eit Big N-revisjonsfirma blir dermed forventa å ha meir kompetanse, ettersom storleiken på kontorlokalet har plass til fleire ekspertar. Dei vil ha stordriftsfordelar som gjer det meir effektivt å overvake revisjonskvaliteten. I mine innsamla data skal eg dermed sortera revisjonsfirmaa etter storleiken og sjå, i forhold til den tredje hypotesen, om det er ein positiv samanheng mellom Big N-revisjonsfirma og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Det vil bli teke med ein dummyvariabel for BIG N, der eg skiljar mellom dei som er BIG N-firma og ikkje. Viss revisjonsfirmaet er ein av dei store, vil det få verdien 1, og verdien 0 viss det er eit mellomstort eller lite revisjonsfirma. Sidan tidlegare studiar seier at denne variabelen har ein positiv påverknad på revisjonskvaliteten, så har eg forventingar om det same i min studie.

3.3.4. Lengda på oppdraget og revisorrotasjon

Ein revisor som blir valt til å revidera eit føretak har ofte oppdraget i mange år. Det kan føre til at den oppdragsansvarlege revisoren og kunden blir for lojale med kvarandre, som dermed kan gå ut over revisoren sin objektivitet i moglege konflikhtar. Samstundes kan det vere ein fare for at revisoren ikkje oppdagar tilsikta og utilsikta feilinformasjon i årsrekneskapet. For når ein revisor har den same planlegginga, gjennomføre dei same testane og hente inn dei same revisjonsbevisa kvart år, kan han gå glipp av feilinformasjon.

Lengda på eit revisjonsoppdrag er dermed eit problem, og det har ført til at man fekk ei lovendring i Noreg i 2009. Revisorlova (1999) §5a-4 første ledd fastslår at ein revisor ikkje kan revidera årsrekneskapet for den same revisjonspliktige i meir enn sju år samanhengande. Når desse åra har gått og revisoren må trekkja seg frå oppdraget, kan han ikkje ta på seg dette

oppdraget igjen før det har gått minst to år. Viss det er eit revisjonsfirma som er oppdragsansvarleg, så er det kun den ansvarlege revisoren som må skiftast ut etter desse sju åra. Med andre ord kan revisjonsfirmaet fortsetje på oppdraget. Dei fleste børsnoterte føretaka blir revidert av dei største revisjonsfirmaa, og i slike firma er det lovleg å ha oppdraget i meir enn sju år, viss man skiftar ut den ansvarlege revisoren. Det vil seie at medarbeidarane på oppdraget, som ofte utførar sjølve revisjonsarbeidet, ikkje nødvendigvis blir skifta ut. Dermed blir ikkje årsrekneskapa sett på og kontrollert av «nye auge». Med andre ord blir kunde-revisor-forholdet forlengja og dette kan ha ein påverknad på uavhengigheita (Gulden, 2015).

Eg skal derfor samle inn informasjon om den oppdragsansvarlege revisoren og sjå kor mange år han har revidert eit føretak. Som hypotese fire seier, skal eg finne ut om antall år ein revisor reviderer eit føretak har ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Sidan man nå har ein regel om maks sju år, skal eg utarbeide ein x-variabel som seie noko om den same revisoren eller revisjonsfirmaet har revidert i meir enn sju år. Viss dette er tilfellet vil denne variabelen få verdien 1, ein såkalla dummyvariabel. Er det motsett, der revideringa har føregått i mindre enn sju år, vil variabelen få verdien 0. Lengda på revisjonsoppdraget går eg ut i frå vil ha ein positiv effekt på revisjonskvaliteten.

Når eg hentar inn informasjon om antall år, vil eg også hente inn data om det har skjedd ein revisorrotasjon i perioden. Eg vil både sjå på om det har skjedd ein rotasjon av den enkelte revisoren og ein rotasjon av heile revisjonsfirmaet. Dette gjer eg for å finne eit svar på hypotesen om at ein revisorrotasjon vil ha ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. For desse testvariablane vil det også bli gitt ein dummyvariabel, som får verdien 1 viss det har skjedd ein rotasjon i perioden og 0 viss ikkje. Eit slikt byte trur eg vil påverke revisjonskvaliteten negativt, sidan den nye revisoren/firmaet ikkje har fått opparbeida seg nok kunnskap om kunden og bransjen.

3.3.5. Revisjonshonorar

Det kan oppstå situasjonar der ein revisor blir reelt eller tilsynelatande økonomisk avhengig av honorarinntekt frå ein oppdragsgjevar. Derfor skal revisoren ha ei så stor spreing i kundeporteføljen at eit tap av ein kunde ikkje skal få store konsekvensar for inntekta hans.

Viss eit slikt tap vil vere vesentleg, kan frykta for at det skal skje føre til at revisoren ikkje handlar ut i frå god revisjonsskikk (Gulden, 2015). I revisorlova (1999) §4-6 står det derfor at ein revisor skal passe på at honorar frå ein kunde, ei gruppe samarbeidande kundar eller frå ein og same kjelde ikkje utgjer ein så stor del av revisoren sine samla honorar at det kan påverke eller reise tvil om revisoren sin uavhengigheit og objektivitet.

I revisorlova står det ikkje nokon plass kva grensa vil vere for kor mykje honorar som kan kome frå ein oppdragsgjevar. Det kan tolkast som at det er dei totale honorarinntektene frå kunden, gruppa av kundar eller frå ei kjelde som må vere det avgjerande, uansett om honorara kjem frå revisjon, rådgjeving eller annan verksemd (Gulden, 2015). Revisjonshonoraret bør uansett utgjere hovuddelen av det totale honoraret, sidan denne er knyta til revisoren sitt primære formål. Er det derimot mindre enn 50% kan det bidra til å svekkje dømmekrafta til revisoren eller revisjonsfirmaet, og dermed vere ein trussel mot uavhengigheita.

Eg skal derfor samle inn storleiken på honoraret som revisorane får for det reviderte arbeidet. På grunn av at denne storleiken kan variere mykje i frå føretak til føretak og frå revisor til revisor, skal eg inkludera ein dummyvariabel for honorar som er unormalt store i forhold til utvalet. Med dette meiner eg at storleiken er høgare enn medianverdien av dei samla revisjonshonorara. Dersom eit revisjonsfirma har fått eit honorar som er større enn dette, vil observasjonen få verdien 1, medan eit honorar som er mindre enn medianverdien vil få verdien 0. Når regresjonsanalysen blir gjennomført vil den vise om revisjonshonorar har ein positiv eller negativ påverknad på rekneskapskvaliteten, vist med positivt eller negativt forteikn på koeffisienten. I forhold til den sjette hypotesen ønskjer eg å finne ut om det vil vere ein negativ samanheng mellom slike unormalt store revisjonshonorar og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

3.3.6. Anna revisjonshonorar

Som nemnt innehar ein revisor mykje god kompetanse. Han kan vere til stor hjelp for føretak når det kjem til generell bedriftsøkonomisk rådgjeving, kjøp og sal av verksemder, skatte- og avgiftsspørsmål, fusjon og fisjon osv. Problemet i slike situasjonar, kor ein revisor opptrer som rådgjevar overfor sine kundar, kan vere at den verkelege og/eller tilsynelatande

objektiviteten kjem i fare. Sjølv om revisoren klarar å handle objektivt i ein slik situasjon, kan det vere at brukarar som kjenner til revisoren og hans rådgjevingstenestar, kan setje spørsmålsteikn ved revisoren sin objektivitet (Gulden, 2015). Eit anna problem er at dei ikkje-revisjonsrelaterte tenestane kan bli for høge, noko som igjen kan ha ein påverknad på rekneskapskvaliteten. Viss dette er tilfellet, kan honoraret frå denne posten bli ein betydeleg del av revisoren eller revisjonsfirmaet sin inntektskjelde. I nokre tilfelle kan det også bli større enn sjølve revisjonshonoraret. Dette kan føre til at revisoren sin dømmekraft blir svekka, som igjen vil vere ein trussel mot uavhengigheita.

Revisorlova og forskrift om revisjon og revisorar regulerer derfor revisoren sin tilgang til å utføre andre tenestar enn revisjon for sine kundar. Prinsipielt må ein revisor passe på at det ikkje oppstår risiko for at revisjonen tek for seg resultatet av eigne rådgjevingstenestar eller andre tenestar. I tillegg må ein revisor sjå etter at det ikkje oppstår risiko for at han tek hand om funksjonar som er ein del av den revisjonspliktige sin avgjerdsprosess (Gulden, 2015).

I forhold til den siste hypotesen skal eg sjå om ikkje-revisjonsrelaterte tenestar kan ha ein påverknad på den avhengige variabelen. Hypotesen seier at det vil vere ein negativ samanheng mellom storleiken på ikkje-revisjonsrelaterte tenestar som blir tilbydd eit børsnotert føretak og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Eg skal derfor inkludere ein dummyvariabel som seier noko om honoraret er ein betydeleg del av revisoren sin inntekt. Viss den utgjer mindre enn 50% av det totale honoraret, vil fortsatt sjølve revisjonshonoraret vere den største inntektskjelda for revisoren. På den måten kan han fortsatt framstå som uavhengig. Dummyvariabelen får derfor verdien 1 viss dei ikkje-revisjonsrelaterte honorara overstige 50%, og verdien 0 viss honoraret er under.

3.3.7. Selskapsspesifikke indikatorar

Rekneskaps- og revisjonskvaliteten kan i tillegg bli påverka av selskapsspesifikke indikatorar. Derfor vel eg å inkludera ein slik variabel. Fleire tidlegare studiar eg har undersøkt inkluderer for eksempel ein forklaringsvariabel relatert til storleiken på selskapet. Grunnen til det er at storleiken kan vere med å redusera eller auke opportunistisk åtferd hjå leiinga, som igjen kan påverke rekneskapskvaliteten. Samstundes vil revisjonskvaliteten auke i takt med storleiken

på føretaket (Myers m.fl., 2003). Det finst fleire forskjellige metodar man kan bruke for å måle storleiken. Men som nemnt tidlegare har denne studien ekstremverdiar og det kan derfor ha ein stor påverknad på regresjonsanalysane. Eg vil derfor bruke metoden som tek den naturlege logaritmen av totale eigendelar. I likskap med Myers m.fl. (2003) sin studie går eg utifrå at storleiken på føretaket vil ha ein positiv effekt på rekneskaps- og revisjonskvaliteten.

3.4. Forskingsmodellar

For å kome fram til ei løysing på problemstillinga, må oppgåva gjennomførast i to delar. Først, ved bruk av den modifiserte Jones-modellen og McNichols-modellen, finn eg to mål på periodiseringskvaliteten. Desse to modellane gjev meg då to mål på skjønsmessige periodiseringar, AQ₁ og AQ₂. Deretter analyserer eg samanhengen mellom dei skjønsmessige periodiseringane og dei uavhengige variablane som eg har valt. Samla sett endar eg opp med ein forskingsmodell som ser slik ut:

$$AQ_{i,t} = \beta_0 + \beta_1(LN_TE_{i,t}) + \beta_2(LN_REV_GOD_{i,t}) + \beta_3(dum_REV_PEN_{i,t}) + \beta_4(dum_BIG_N_{i,t}) + \beta_5(dum_REV_LEN_{i,t}) + \beta_6(dum_REV_ROT_{i,t}) + \beta_7(dum_REV_SROT_{i,t}) + \beta_8(dum_RH_{i,t}) + \beta_9(dum_ARH_{i,t}) + \varepsilon$$

AQ_{i,t} = Er den estimerte verdien på rekneskapskvalitet for føretak *i* i år *t*, og er den avhengige variabelen.

LN_TE_{i,t} = Måler føretak *i* sin storleik i år *t*, basert på logaritmen til dei totale eigendelane.

LN_REV_GOD_{i,t} = Måler logaritmeverdien til antall år revisoren har hatt godkjenning for føretak *i* i år *t*.

dum_REV_PEN = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når revisoren nærmar seg pensjonsalder, 0 elles.

dum_BIG_N = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når føretaket blir revidert av eit av dei store revisjonsfirmaa, 0 elles.

- dum_REV_LEN = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når antall år/lengda på revisjonsoppdraget er meir enn 7 år, 0 elles .
- dum_REV_ROT = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når det har skjedd ein revisorrotasjon, 0 elles.
- dum_REV_SROT = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når det har skjedd ein selskapsrotasjon, 0 elles.
- dum_RH = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når revisjonshonoraret er over medianverdien, 0 elles.
- dum_ARH = Er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når anna revisjonshonorar er over halvparten av dei totale honorara, 0 elles.

3.5. Datainnsamling og utval

Dei fleste sekundærdataa eg tek utgangspunkt i er henta frå databasen til Proff Forvalt, medan resten er henta ut manuelt frå føretaka sine årsrapportar og Finanstilsynet sitt register over revisorar i Noreg. Proff Forvalt har oversikta over norske børsnoterte føretak og nøkkeltal til deira årsrekneskap. Frå denne databasen lasta eg ned informasjon om konsernrekneskapa til alle aksje- og allmennaksjeselskapa som er notert på Oslo Børs. I tillegg fekk eg informasjon om revisjonsfirmaa, kor tid det har skjedd ein rotasjon og storleiken på honorara. Eg samanlikna alle dei nedlasta føretaka med dei som er registrerte på Oslo Børs og fant då nokre føretak som ikkje var med i Proff Forvalt sin oversikt. For å få rekneskapsdata for desse føretaka, måtte eg søkje dei opp manuelt på Proff Forvalt sine nettsider. Dei er registrert i databasen, men kom ikkje med i det «ferdige» nedlastingsdokumentet for børsnoterte føretak. For å kontrollera at dataa frå Proff Forvalt sin database er korrekt, utførte eg ein test av 30 tilfeldige børsnoterte føretak og samanlikna det med føretaka sine årsrapportar. Konklusjonen er at alt stemte.

I databasen til Proff Forvalt fekk eg bare opp revisjonsfirmaa som har revidert dei 10 siste åra, det vil seie tilbake til 2009. For å finne oppdragsansvarleg revisor måtte eg leite i føretaka sine årsrapportar. Ved hjelp av nesten 350 årsrapportar over ein periode på tre år, enda eg opp med namnet på 103 forskjellige revisorar. Etterpå brukte eg Finanstilsynet sitt verksemdsregister, kor man kan finne informasjon om alle føretaka og personar som har

konsesjon og er under tilsyn av Finanstilsynet. Finanstilsynet har dermed ei oversikt over revisorar, kor det blant anna står kva type revisor personen er, kva for ein dato personen blei registrert og i kva for eit revisjonsfirma personen arbeidar i. Resterande informasjon som eg trengte, for eksempel revisoren sin alder, måtte eg bruke Google, Gule Sider, Facebook og Proff sine nettsider for å få eit svar. For å vere sikker på at eg hadde funne riktig informasjon om revisoren, for eksempel er det fleire personar i Noreg med det same namnet, måtte eg kontrollere det opp i mot bustadsadressa som er registrert hjå Finanstilsynet.

På Proff Forvalt sine nettsider henta eg altså ut alle rekneskapsdata for kvart enkelt føretak som er notert på Oslo Børs. Eg starta med å fjerne føretak som ikkje er norske, ettersom det er dei norske som er fokuset i denne oppgåva. Vidare fjerna eg bankar og forsikringsselskap, sidan desse har annleis balanse enn andre føretak. Dei har andre rekneskapsreglar/prinsipp, som for eksempel at dei har mykje avsetjingar til sikring. I tillegg måtte eg fjerne eit par føretak som har brukt rekneskapspråket GRS, ettersom dei børsnoterte føretaka skal bruke IFRS.

Eg har valt ut rekneskap- og revisjonsinformasjon frå åra 2014 til 2018 for å ha ein del data å arbeide med og som forhåpentleg kan gje eit representativt bilete av verkelegheita. Samstundes måtte eg ta såpass mange år for å ha data til å rekne ut variablane i periodiseringsmodellane som brukar år $t-1$ og år $t+1$, det vil seie variablane med operasjonell kontantstraum. Desse måla førte til at eg måtte fjerne nokre få føretak som har ufullstendig rekneskapsinformasjon, er nystarta eller har gått konkurs/sletta i denne perioden.

I perioden 2015-2017 enda eg dermed opp med å bruke tal frå 114 forskjellige børsnoterte føretak, og det blei totalt 342 årsrekneskap over tre år å arbeide med. I testmodellane blei utvalet litt mindre igjen, sidan eg fjerna alle verdiar som ligg meir enn tre standardavvik ifrå snittet. Viss det ikkje hadde vore for dei nemnte utrekningane med $t-1$ og $t+1$, så kunne eg i tillegg ha rekna ut for 2014 og 2018. Samstundes viss eg hadde hatt full tilgang til 2013- og 2019-tal kunne eg gjennomført min studie basert på eit større datasett.

3.6. Gyldigheit og pålitelegheit

Det er fleire utfordringar knyta til denne studien. Å måle rekneskaps- og revisjonskvalitet er ikkje enkelt, ettersom begge to er vanskelege å observere. For rekneskapskvaliteten prøver man å finne moglege justeringar leiinga har gjort for å påverke resultatet. I tilfelle der det er skjønnsmessige justeringar, vil utfallet av avgjerdene svinge frå føretak til føretak. Dette vil derfor føre til at dei skjønnsmessige periodiseringane inneheld ein form for målefeil. For at man kan vere sikker på at eit føretak driv med rekneskapsmanipulering, så må målefeilen i den estimerte komponenten ikkje vere korrelert med andre variablar i modellen. Det kan derfor vere veldig vanskeleg å stole på at estimata for skjønnsmessige periodiseringar klarer å fange opp utbreiinga, frekvensen og storleiken på rekneskapsmanipuleringa (McNichols, 2000).

Mange er derfor kritiske til at modellane som eg har brukt, baserar seg på rekneskapsstal som inneheld periodiseringar. Dei meiner då at modellane ikkje klarar å skilje mellom periodiseringar som er eit resultat av leiinga sin bruk av skjønnsmessige justeringar og periodiseringar som kjem av endringar i føretaket sin økonomiske yting (Beneish, 2001). Forklaringskrafta og nøyaktigheita til den valde modellen er derfor viktig for å seie noko om gyldigheita. Modellen må derfor ha ein mest mogleg korrekt samansetjing av variablar som reknar ut den skjønnsmessige og ikkje-skjønnsmessige periodiseringsdelen (McNichols, 2000). Viss ikkje kan konsekvensen vere at resultatet blir unøyaktig og man kan få eit resultat som enten er av type 1- eller 2-feil. I det førstnemnte tilfellet blir det gitt bevis for rekneskapsmanipulering når det faktisk ikkje har skjedd, medan i det andre alternativet kan det førekome manipulering utan at dei skjønnsmessige periodiseringane klarar å fange opp og bevise at det har skjedd. Dei skjønnsmessige variablane kan derfor vere feil, noko som gjer det vanskeleg å velje riktig forskingsmodell (McNichols, 2000).

Estimeringsfeila kan også skyldast den valde måten man estimerar modellane på. Jones-modellane brukar for eksempel ein firmaspesifikk modell for å estimera korrelasjonen mellom totale periodiseringar og firmaspesifikke parameterar. Slik studiar treng derfor ein lengre tidsserie for å få gode og fornuftige estimat. Min studie har derfor nokre avgrensingar der, sidan utvalet kun strekkjer seg over nokre få år. I tillegg har eg fjerna mangelfulle data som gjer at datasettet blir mindre. Slike tidsseriedata kan også gje feil fordi det har skjedd strukturelle endringar hjå føretaka i perioden.

Til tross for at den modifiserte Jones-modellen har fått kritikk, er den ein av modellane som er best til å skilje ut den skjønsmessige delen. Den er iallfall betre enn Jones-modellen (1991), som har eit problem med at periodiseringane korrelerer med føretaket sin yting. Modellen kontrollerer litt for dette ved å ha med leddet for endringar i inntekt i år t. I tillegg er McNichols-modellen ein god modell å bruke med tanke på skjønsmessige periodiseringar. Sidan denne modellen inkluderer framtidig kontantstraum som ein forklarande variabel, så vil informasjon om urealisert inntekt og tap i periodiseringane også inkluderast (Ball & Shivakumar, 2006).

Uansett om det er knyta usikkerheit til nokre av rekneskapskvalitetstala, så er det viktig å vurdere testmodellen sin gyldigheit. Det er ei rekkje føresetnadar som sjekkast i forhold til den lineære regresjonsmodellen sin passform. Det vil for eksempel bli testa om det er ein lineær samanheng mellom den avhengige variabelen (rekneskapskvalitet) og dei uavhengige variablane (revisjonskvalitet). I tillegg sjekkast det for multippel regresjon og multikollinearitet. Multippel regresjon går ut ifrå at variablane er normalfordelt, medan faren for multikollinearitet blir sjekka ved bruk av VIF-testar.

4. Analyse og resultat

I dette kapitlet vil studien sine analysar og resultat bli presentert. Eg vil her undersøkje om det er eigenskapar ved revisoren som kan påverke rekneskapskvaliteten, både positivt og negativt. For å gjere dette, vil først den deskriptive statistikken bli presentert. Deretter vil eg drøfte korrelasjonsanalysane som er gjennomført for variablane mine. Til slutt vil resultatata av regresjonane bli analysert og tolka.

4.1. Deskriptiv statistikk

I ein deskriptiv statistikk får man ein systematisk framstilling av storleiken og samansetjinga til ein populasjon (Bjørnstad, 2018). I tabellane, som blir vist nedanfor, får man informasjon om eigenskapane til dei ulike variablane som er blitt brukt i analysen. Eg har valt å ta med sentralmål som median og gjennomsnitt, og andre statistiske spreingsmål som standardavvik, minste- og største verdi. Verdier som ligg meir enn tre standardavvik i frå snittet vil bli fjerna, ettersom desse ekstreme observasjonane kan gje stor påverknad på resultatata i korrelasjons- og regresjonsanalysane.

4.1.1. Totale periodiseringar og kortsiktige periodiseringar

For å få to mål på rekneskapskvalitet har eg henta inn ein del data, og nokre av dataa går igjen i begge periodiseringsmodellane. Den totale innsamlinga av data har gitt følgjande deskriptiv statistikk for den modifiserte Jones-modellen og McNichols-modellen:

Tabell 4.1. Deskriptiv statistikk for den modifiserte Jones-modellen (totale periodiseringar) og McNichols-modellen (kortsiktige periodiseringar)

Estimeringsmodell med totale periodiseringar og kortsiktige periodiseringar						
	Antall	Gjennomsnitt	Median	Standardavvik	Minimum	Maksimum
Modifisert Jones:						
$TA_{i,t}$	342	-0,0715	-0,0500	0,1478	-1,0762	0,6619
$(1/A_{t-1})$	342	0,0000	0,0000	0,0000	0,0000	0,0000
$\Delta REV - \Delta REC_{i,t}$	342	0,0269	0,0243	0,2242	-1,1419	1,0735
$PPE_{i,t}$	342	0,2834	0,1654	0,3101	0,0000	1,4549
McNichols:						
$\Delta WC_{i,t}$	342	0,0291	-0,0012	0,2709	-1,8774	1,6983
$CFO_{i,t+1}$	342	0,0472	0,0636	0,2253	-1,1165	0,9938
$CFO_{i,t}$	342	0,0455	0,0656	0,1875	-1,0351	0,6200
$CFO_{i,t-1}$	342	0,0460	0,0669	0,1747	-0,9915	0,9522
$\Delta REV_{i,t}$	342	0,0404	0,0253	0,2559	-1,3220	1,2291
$PPE_{i,t}$	342	0,3017	0,1712	0,3342	0,0000	1,9644
<p>$TA_{i,t}$ er totale periodiseringar for føretak i i år t, delt på totale eigendelar i år $t-1$, og er den avhengige variabelen. $(1/A_{t-1})$ er 1 delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p> <p>$\Delta REV - \Delta REC_{i,t}$ er endring i inntekt redusert for endring i kundefordringar for føretak i i år t, delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p> <p>$PPE_{i,t}$ er varige driftsmidlar for føretak i i år t, delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p> <p>$\Delta WC_{i,t}$ er endring i arbeidskapital for føretak i i år t, delt på totale eigendelar i år $t-1$, og er den avhengige variabelen</p> <p>$CFO_{i,t+1}$ er operasjonell kontantstraum for føretak i i framtidig år, delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p> <p>$CFO_{i,t}$ er operasjonell kontantstraum for førtak i i nåværande år, delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p> <p>$CFO_{i,t-1}$ er operasjonell kontantstraum for førtak i i førre år, delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p> <p>$\Delta REV_{i,t}$ er endring i inntekt for føretak i i år t, delt på totale eigendelar i år $t-1$.</p>						

I den modifiserte Jones-modellen kan man sjå at gjennomsnittet er høgare enn medianen for alle variablane, altså variablane totale periodiseringar (TA), endringa i inntekt subtrahert med kundefordringar ($\Delta REV - \Delta REC$) og varige driftsmidlar (PPE). Dette kan skyldast at enkelte observasjonar har høge verdiar som trekkjar opp gjennomsnittet. Medianverdien kan derfor vere det beste å bruke. I McNichols-modellen har halvparten av variablane ein gjennomsnittsverdi som er høgare enn medianverdien. For variablane som seier noko om kontantstraumen i dei tre forskjellige åra, har medianverdien ein høgare verdi enn gjennomsnittet. Dermed kan det vere nokre låge og negative kontantstraumsverdiar som trekkjar ned gjennomsnittet.

I begge modellane er det dei varige driftsmidla som har det høgaste standardavviket av alle variablane. Det vil seie at desse observasjonane spreiar seg mest rundt gjennomsnittet. Til tross for det er det ingen av variablane som har eit høgt standardavvik og dei fleste observasjonane vil derfor sentrere seg rundt gjennomsnittet. I forhold til ei normalfordeling, vil observasjonane få ei høg og spiss fordeling. Gjennomsnittsverdien vil dermed vere ein god representasjon for observasjonane i utvalet. Viss det motsette hadde vore tilfellet, altså ein låg

og flat fordeling med store avvik, ville gjennomsnittsverdien ikkje vore ein god representasjon for observasjonane i utvalet. Til slutt kan det nemnast at for desse 342 observasjonane er dei fleste dataa, for dei ulike variablane, i Jones-modellen innanfor området mellom -1 og 1. I McNichols-modellen er minimumsverdiane større enn -2 og maksimumsverdiane er mindre enn 2.

4.1.2. Testmodell

I denne tabellen er alle variablane som skal løyse problemstillinga teke med. Dei to første er avhengige variablar og gjev kvar for seg eit mål på rekneskapskvaliteten. Dei resterande variablane skal finne ut korleis revisoren sine eigenskapar påverkar rekneskapskvaliteten.

Tabell 4.2. Deskriptiv statistikk for testmodellar

Testmodellar							
	Antall	Gjennomsnitt	Median	Standardavvik	Minimum	Maksimum	Sum
AQ ₁ Modifisert Jones	342	-0,0025	0,0178	0,0147	-1,0063	0,6820	-0,8385
AQ ₂ McNichols	342	-0,0028	-0,0233	0,2577	-1,2914	-1,6423	-0,9488
LN Totale eigendelar	342	21,8681	21,7725	1,9656	16,1108	27,5972	7479
Erfaring/Godkjenning	330	23,6848	23	6,8840	10	42	7816
LN Erfaring/Godkjenning	330	3,1216	3,1355	0,2983	2,3026	3,7377	1030
Pensjonsalder	325	0,0985	0	0,2984	0	1	32
BIG N	342	0,8889	1	0,3147	0	1	304
Lengda på oppdraget	339	0,6195	1	0,4862	0	1	210
Revisorrotasjon	333	0,2042	0	0,4037	0	1	68
Selskapsrotasjon	339	0,0383	0	0,1923	0	1	13
Revisjonshonorar	342	5345935	1953500	8918376	2000	56030000	1828309880
Dummy revisjonshonorar	342	0,5263	1	0,5000	0	1	180
Anna revisjonshonorar	342	2277056	844815	4169191	0	33500000	778753055
Dummy anna revisjonshonorar	342	0,1257	0	0,3320	0	1	43

AQ₁ er den estimerte verdien på rekneskapskvalitet for føretak *i* i år *t* og er den avhengige variabelen.
AQ₂ er den estimerte verdien på rekneskapskvalitet for føretak *i* i år *t* og er den avhengige variabelen.
LN_TE måler føretak *i* sin storleik i år *t*, basert på logaritmen til dei totale eigendelane.
REV_GOD måler antall år revisor har hatt godkjenning for føretak *i* i år *t*.
LN_REV_GOD måler logaritmen for antall år revisor har hatt godkjenning for føretak *i* i år *t*.
dum_REV_PEN er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når revisoren nærmar seg pensjonsalder, 0 elles.
dum_REV_LEN er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når lengda på revisjonsoppdraget er meir enn 7 år, 0 elles.
dum_BIG_N er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når føretaket blir revidert av eit av dei store revisjonsfirmaa, 0 elles.
dum_REV_ROT er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når det har skjedd ein revisorrotasjon, 0 elles.
dum_REV_SROT er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når det har skjedd ein selskapsrotasjon, 0 elles.
RH er revisjonshonorar for føretak *i* i år *t*.
dum_RH er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når revisjonshonoraret er over medianverdien, 0 elles.
ARH er anna revisjonshonorar som ikkje er direkte knyta til revisjonsoppdraget for føretak *i* i år *t*.
dum_ARH er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når anna revisjonshonorar er over halvparten av dei totale honorara, 0 elles.

I frå tabellen kan man blant anna sjå at føretaksstorleiken (LN_TE), revisoren sin erfaring (REV_GOD), revisjonshonorar (RH) og anna revisjonshonorar (ARH) har eit høgare gjennomsnitt enn medianen. For variabelen som måler logaritmeverdien til revisoren sin

erfaring (LN_REV_GOD) er det derimot motsett. For variablane som måler honorar er det stor forskjell mellom målingsmetodane. Slik er det ikkje for LN_TE og LN_REV_GOD, som har eit gjennomsnitt og ein median som er ganske like. Til tross for det er ikkje fordelinga heilt symmetrisk, sidan nokre høge verdiar trekkjar opp gjennomsnittet.

REV_GOD viser at alle revisorane i dette utvalet har vore godkjente i mellom 10 og 42 år. Revisorane har dermed mykje erfaring. Samstundes arbeidar 89% av desse for eit BIG N-revisjonsfirma og har dermed eit stort revisjonsteam, med mykje variert erfaring, å støtte seg på. I 32 av 325 observerte tilfelle har årsrapportane vorte undersøkt av revisorar som nærmar seg pensjonsalder, det vil seie at revisorane har vore 62 år det året og kan starte sine uttak av alderspensjonen. Likevel har det i denne perioden skjedd ein rotasjon av oppdragsansvarleg revisor i 68 tilfelle. Dei fleste rotasjonane har skjedd innanfor det same revisjonsfirmaet, som man kan sjå sidan det bare har vore 13 rotasjonar av revisjonsfirma. Med andre ord er eit revisjonsfirma oppdragsansvarleg i mange år. Dummyvariabelen REV_LEN viser også dette, med ein medianverdi på 1, som indikerer at revisjonsfirmaa har oppdraget i 7 år og meir. Ut i frå den deskriptive statistikken kan man sjå at dette er tilfelle for 62% av føretaka.

Revisjonshonorara og anna revisjonshonorar varierer mykje frå føretak til føretak. For begge desse variablane er det nokre høge honorar som trekkjar opp gjennomsnittet, spesielt for honorara som ikkje blir brukt til sjølv revisjonen. Revisjonshonorara varierer i frå 2 000 til 56 030 000 NOK, medan dei ikkje-revisjonsrelaterte kostnadane har ein minimumsverdi på 0 og ein maksimumsverdi på 33 500 000 NOK. Av alle observasjonane hadde 53% eit revisjonshonorar som er høgare enn medianen på 1 953 500. Dette er tilnærma likt 50%, ettersom eg har konstruert ein dummyvariabel som baserar seg på medianen til heile utvalet. Frå dummyvariabelen til anna revisjonshonorar kan man sjå at dette honoraret har overstige halvparten av dei totale revisjonshonorara ved 43 tilfelle. Desse ikkje-revisjonsrelaterte tenestane gjer oss skeptiske til revisoren sin tilsynelatande og faktiske uavhengigheit i forhold til den enkelte kunden. Viss fleire revisorar får store delar av sine inntekter frå tilleggstenestar, kan dette føre til ein svekking av revisoren sin rolle i samfunnet.

For alle dummyvariablane er standardavviket lite. Dette skyldast at verdiane for desse variablane enten er 0 eller 1, og det er dermed liten variasjon i talmaterialet. Desse observasjonane spreiar seg rett rundt gjennomsnittet, noko som ikkje er tilfelle for dei andre variablane. REV_GOD, RH og ARH er dei tre variablane med høgast standardavvik. Tala spreiar seg derfor mykje rundt gjennomsnittet.

4.2. Korrelasjonsanalyse av variablane

Eg skal også gjennomføre ein korrelasjonsanalyse for dei ulike modellane. I korrelasjonsmatrisa nedanfor, blir Pearson-korrelasjon brukt. Dette er det mest brukte målet på korrelasjon og målar om det er tendensar til lineær samvariasjon mellom to variablar (Frøslie, 2019). Tabell 4.3 viser ein bivariat korrelasjonsanalyse for variablane i begge modellane.

Tabell 4.3. Korrelasjonsanalyse for den modifiserte Jones-modellen og McNichols-modellen

Totale periodiseringar - modifisert Jones			
	$TA_{i,t}$	$\Delta REV - \Delta REC_{i,t}$	$PPE_{i,t}$
$TA_{i,t}$	1		
$\Delta REV - \Delta REC_{i,t}$	0,1252**	1	
$PPE_{i,t}$	-0,0334	-0,0298	1

Kortsiktige periodiseringar - McNichols						
	ΔWWC	CFO_{t+1}	CFO_t	CFO_{t-1}	ΔREV	PPE
ΔWWC	1					
CFO_{t+1}	0,0149	1				
CFO_t	-0,0379	0,8019***	1			
CFO_{t-1}	-0,2244***	0,6126***	0,6935***	1		
ΔREV	-0,1337**	0,0151	0,0282	0,0333	1	
PPE	0,0510	0,2166***	0,2036***	0,2123***	-0,0266	1

***Korrelasjonen er signifikant på 0,01 nivå (2-hala)
 **Korrelasjonen er signifikant på 0,05 nivå (2-hala)
 *Korrelasjonen er signifikant på 0,1 nivå (2-hala)

$TA_{i,t}$ er totale periodiseringar for føretak i i år t , delt på totale eigendelar i år $t-1$, og er den avhengige variabelen.
 $\Delta REV - \Delta REC_{i,t}$ er endring i inntekt redusert for endring i kundefordringar for føretak i i periode t , delt på totale eigendelar i år $t-1$.
 $PPE_{i,t}$ er varige driftsmidlar for føretak i i år t , delt på totale eigendelar i år $t-1$.
 $\Delta WWC_{i,t}$ er endring i arbeidskapital for føretak i i år t , delt på totale eigendelar i år $t-1$, og er den avhengige variabelen
 $CFO_{i,t+1}$ er operasjonell kontantstraum for føretak i i framtidig år, delt på totale eigendelar i år $t-1$.
 $CFO_{i,t}$ er operasjonell kontantstraum for førtak i i nåværande år, delt på totale eigendelar i år $t-1$.
 $CFO_{i,t-1}$ er operasjonell kontantstraum for førtak i i forrige år, delt på totale eigendelar i år $t-1$.
 $\Delta REV_{i,t}$ er endring i inntekt for føretak i i år t , delt på totale eigendelar i år $t-1$.

Ut i frå korrelasjonsmatrisa kan man sjå at variablane korrelerer med kvarandre. Men i kva for ein grad man seier at dei korrelerer med kvarandre finst det ikkje noko fasitsvar på. Det er fleire som har uttala seg om dette, blant anna James D. Evans (1996). Han føretok ei inndeling på følgjande måte: $0 - 0,2 =$ veldig svak, $0,2 - 0,4 =$ svak, $0,4 - 0,6 =$ moderat, $0,6 - 0,8 =$ sterk og $0,8 - 1 =$ veldig sterk. Med utgangspunkt i denne inndelinga, kan man seie at variablane i denne tabellen har ein veldig svak korrelasjon. Korrelasjonen mellom TA og PPE, samt korrelasjonen mellom PPE og $\Delta\text{REV}-\Delta\text{REC}$, har ein samvariasjon som er ned mot null. Med andre ord kan man seie at det nesten ikkje eksisterer ein lineær samvariasjon mellom variablane. Korrelasjonen mellom TA og $\Delta\text{REV}-\Delta\text{REC}$ er derimot litt sterkare, og samstundes er denne verdien signifikant på eit 0,05 nivå. Dette er også den einaste korrelasjonen som er signifikant. For dei andre korrelasjonane treng derfor ikkje verdien stemme.

For den kortsiktige periodiseringa er det korrelasjonen mellom CFO_t og CFO_{t+1} som er den sterkaste. Denne er i tillegg signifikant på eit 0,01 nivå, som også gjelder for over halvparten av dei andre korrelasjonane. Endringa i arbeidskapitalen, som er den avhengige variabelen, har ein svak korrelasjon med alle variablane. Dei operasjonelle kontantstraumsvariablane har ein sterk korrelasjon med kvarandre, noko som vil seie at dersom ein av variablane aukar i verdi vil dei andre gjere det same. Men desse sterke korrelasjonane kan bety at man har problem med multikollinearitet. For å utelukke dette kan man gjennomføre ein VIF-test. For variablane fekk eg VIF-verdiar som låg over 1 og under 3, som er langt under verdien 10. Man kan derfor gå ut ifrå at multikollinearitet ikkje er eit problem her. Hadde verdien overstige 10, bør man fjerne variabelen frå regresjonen. I tillegg viser tabellen at det jamt over ikkje er sterke korrelasjonar mellom variablane. Dei to siste variablane, varige driftsmidlar og endringa i inntekt, har for eksempel ein svak korrelasjon med alle dei andre variablane.

I tillegg gjennomfører eg ein korrelasjonsanalyse for testmodellane mine. Frå tabell 4.4. kan man sjå at mange av variablane har svake korrelasjonar. Begge måla på rekneskapskvalitet har for eksempel få signifikante korrelasjonar med dei uavhengige variablane.

Tabell 4.4. Korrelasjonsanalyse for begge testmodellane

	AQ ₁	AQ ₂	LN_TE	LN_REV_GOD	dum_REV_PEN	dum_BIG_N	dum_REV_LEN	dum_REV_ROT	dum_REV_SROT	RH	dum_RH	ARH	dum_ARH
AQ ₁	1												
AQ ₂	0,0155	1											
LN_TE	0,1820***	0,1585***	1										
LN_REV_GOD	-0,0069	0,0787	0,1799***	1									
dum_REV_PEN	0,0154	0,1035*	0,1666***	0,4823***	1								
dum_BIG_N	0,0386	0,0632	0,2198***	0,2164***	0,0070	1							
dum_REV_LEN	0,0016	0,0764	0,0091	-0,0623	0,1680***	-0,0128	1						
dum_REV_ROT	0,0533	-0,1209	0,0573	-0,0952*	-0,0917	-0,0619	-0,0085	1					
dum_REV_SROT	0,0060	0,0551	0,0184	-0,0188	-0,0609	-0,0777	-0,2540***	0,1107*	1				
RH	0,0602	0,0716	0,6506***	0,0615	0,1936***	0,1674***	0,0813	0,0965*	0,0225	1			
dum_RH	0,1075*	0,1178**	0,6479***	0,0052	0,1487***	0,1169**	0,1650***	0,0003	0,0573	0,5953***	1		
ARH	0,1173**	0,0559	0,5463***	0,0373	0,0625	0,2066***	0,0978*	0,0212	0,0333	0,6821***	0,4957***	1	
dum_ARH	0,0037	-0,0236	-0,1392**	0,0455	-0,1083*	0,1027*	-0,0319	-0,0233	-0,0190	-0,1907***	-0,2116***	0,0823	1

***Korrelasjonen er signifikant på 0,01 nivå (2-hala)
 **Korrelasjonen er signifikant på 0,05 nivå (2-hala)
 *Korrelasjonen er signifikant på 0,1 nivå (2-hala)

AQ₁ er den estimerte verdien på rekneskapskvalitet i år t og er den avhengige variabelen.
 AQ₂ er den estimerte verdien på rekneskapskvalitet i år t og er den avhengige variabelen.
 LN_TE måler føretaket sin storleik i år t, basert på logaritmen til dei totale eigendelane.
 LN_REV_GOD måler logaritmen for antall år revisor har hatt godkjenning i år t.
 dum_REV_PEN er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når revisoren nærmar seg pensjonsalder, 0 elles.
 dum_REV_LEN er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når lengda på revisjonsoppdraget er meir enn 7 år, 0 elles.
 dum_BIG_N er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når føretaket blir revidert av eit av dei store revisjonsfirmaa, 0 elles.
 dum_REV_ROT er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når det har skjedd ein revisorrotasjon, 0 elles.
 dum_REV_SROT er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når det har skjedd ein selskapsrotasjon, 0 elles.
 RH er revisjonshonorar i år t.
 dum_RH er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når revisjonshonoraret er over medianverdien, 0 elles.
 ARH er anna revisjonshonorar som ikkje er direkte knyta til revisjonsoppdraget i år t.
 dum_ARH er ein dummyvariabel som tek verdien 1 når anna revisjonshonorar er over halvparten av dei totale honorara, 0 elles.

I tabellen kan man sjå at AQ₁ har signifikante korrelasjonar med LN_TE, dum_RH og ARH, medan AQ₂ har signifikante korrelasjonar med LN_TE, dum_REV_PEN og dum_RH. For dei andre variablane kan det derfor vere samvariasjonar som ikkje er lineære. Dei fleste variablane har ein positiv korrelasjon med dei avhengige variablane, så viss den avhengige variabelen aukar i verdi, vil dei uavhengige også få ein auke i verdien. Likevel kan man sjå at dei fleste korrelasjonane i matrisen er svake og det er bare nokre få variablar som har ein sterk signifikant korrelasjon. Revisjonshonorar og anna revisjonshonorar har den sterkaste signifikante korrelasjonen på 0,68. Føretaket sin storleik har også ein signifikant korrelasjon med revisjonshonorar og tilhøyrande dummyvariabel som er sterk. Dette er som forventa, ettersom storleiken har noko å seie for kor mykje ein revisor må kontrollere. Aukar føretaket sin storleik, så vil revisjonshonorara også auke (mest sannsynleg). Tilsvarende vil det vere for revisjonshonoraret som ikkje er knyta til revisjonsoppdraget, ein auke i dei to nemnte vil gje ein auke i anna revisjonshonorar. Likevel viser matrisen at det er mange andre signifikante korrelasjonar, mange ned på eit 0,01 nivå. For eksempel er nesten alle dei signifikante korrelasjonsverdiane til LN_TE, LN_REV_GOD, dum_REV_PEN, RH og ARH signifikante innanfor eit 0,1 nivå. LN_TE og dum_RH er dei to variablane som har flest signifikante korrelasjonar. Det er nemleg dei signifikante korrelasjonane som er viktigast å sjå på, ettersom dei andre korrelasjonsverdiane, som ikkje er signifikante, kan vere feil. Til slutt har

VIF-testar vist at modellane ikkje har problem med multikollinearitet, sidan verdiane er over 1 og under 3.

Til nå har studien gått i gjennom korrelasjonane og gitt eit generelt overblikk på den lineære samanhengen mellom to variablar. Vidare i denne studien kjem desse samanhengane til å bli forklart meir.

4.3. Testmodellar

I dette delkapittelet skal eg analysere datamaterialet ved bruk av regresjonsmodellar. Resultata frå regresjonsmodellane vil vere til hjelp og gje meg eit svar på forskingsspørsmålet mitt. Eg vil først gjennomføre to regresjonsanalysar for å få to mål på rekneskapskvaliteten. Den første regresjonsanalysen gjev meg eit mål på den totale periodiseringskvaliteten, medan den andre regresjonsanalysen gjev eit mål på den kortsiktige periodiseringskvaliteten. Etterpå skal eg bruke residuala eg får frå begge analysane som eit mål på den avhengige variabelen i testmodellen. I kombinasjon med variablar som handlar om revisoren, skal desse variablane teste hypotesane mine. Følgjande regresjonsmodell vil dermed vise i kva for ein grad ein variabel samvarierer med ein annan variabel:

$$\begin{aligned} AQ = & \beta_0 + \beta_1(LN_TE_{i,t}) + \beta_2(LN_REV_GOD_{i,t}) + \beta_3(dum_REV_PEN_{i,t}) + \\ & \beta_4(dum_BIG_N_{i,t}) + \beta_5(dum_REV_LEN_{i,t}) + \beta_6(dum_REV_ROT_{i,t}) + \\ & \beta_7(dum_REV_SROT_{i,t}) + \beta_8(dum_RH_{i,t}) + \beta_9(dum_ARH_{i,t}) + \varepsilon \end{aligned}$$

4.3.1. Test av den modifiserte Jones-modellen

Den første regresjonsanalysen teste den modifiserte Jones-modellen (Dechow m.fl., 1995). I tabell 4.5. viser regresjonsresultata eg har fått for denne modellen.

Tabell 4.5. Estimeringsmodell for totale periodiseringar

Totale periodiseringar - modifisert Jones				
	<i>Koeffisienter</i>	<i>Standardfeil</i>	<i>t-Stat</i>	<i>P-verdi</i>
Skjæringspunkt	-0,0701	0,0109	-6,4510	0,0000
Δ REV- Δ REC	0,0818	0,0357	2,2894	0,0227
PPE	-0,0136	0,0258	-0,5280	0,5978
Regresjonsstatistikk				
Multippel R	0,1276			
R-kvadrat	0,0163			
Justert R-kvadrat	0,0105			
Standardfeil	0,1476			
Observasjoner	342			
Variansanalyse				
F-verdi	2,8072			
Signifikans-F	0,0618			
Δ REV- Δ REC er endring i inntekta redusert for endring i kundefordringar. PPE er varige driftsmidlar.				

Man kan sjå at denne modellen har ein låg forklaringskraft på 1,05%. Endringa i inntekt redusert for endringa i kundefordringar og dei varige driftsmidla forklarar dermed bare 1,05% av variasjonen i totale periodiseringar. Hadde den vore nærmare 1, eller 100%, ville regresjonslinja passa betre på dataa. Den attverande prosentandelen blir forklart av restleddet ϵ . F-verdien er ikkje så høg, men den er signifikant på eit 10% nivå. Modellar med høge F-verdiar er eit teikn på gode modellar og samstundes er det ønskjeleg at modellen skal vere signifikant på eit 5% nivå. Likevel kan man sjå at Δ REV- Δ REC er statistisk signifikant innanfor det ønskja 5% nivået og har ein koeffisient som har ein positiv samanheng med den totale periodiseringa. Dei varige driftsmidla har derimot ein låg negativ samanheng med den totale periodiseringa, men koeffisientsverdien er ikkje signifikant. Man skulle eigentleg tru det motsette, ein positiv samanheng, sidan meir avskrivningar og nedskrivningar vil gje meir totale periodiseringar. Årsaka til at PPE ikkje er signifikant kan skyldast at modellen tek utgangspunkt i mange forskjellige føretak. Hadde det vorte gjennomført ein regresjonsanalyse for føretak innan den same bransjen, med likare storleik på dei varige driftsmidla, kunne resultatet blitt annleis.

4.3.2. Test av McNichols-modellen

Den andre regresjonsanalysen teste McNichols-modellen (2002), og resultatene fra denne analysen visast i tabell 4.6.

Tabell 4.6. Estimeringsmodell for kortsiktige periodiseringar

Kortsiktige periodiseringar - McNichols				
	<i>Koeffisienter</i>	<i>Standardfeil</i>	<i>t-Stat</i>	<i>P-verdi</i>
Skjæringspunkt	0,0327	0,0180	1,8153	0,0704
CFO _{t+1}	0,2140	0,1044	2,0502	0,0411
CFO _t	-0,0619	0,1495	-0,4144	0,6789
CFO _{t-1}	-0,4239	0,1304	-3,2505	0,0013
ΔREV	-0,0609	0,0199	-3,0613	0,0024
PPE	0,0459	0,0379	1,2101	0,2271
Regresjonstatisikk				
Multipel R	0,3437			
R-kvadrat	0,1181			
Justert R-kvadrat	0,1050			
Standardfeil	0,2563			
Observasjoner	342			
Variansanalyse				
F-verdi	8,9990			
Signifikans-F	0,0000			
CFO _{t+1} er operasjonell kontantstraum for framtidig år. CFO _t er operasjonell kontantstraum for nåværande år. CFO _{t-1} er operasjonell kontantstraum for førre år. ΔREV er endring i inntekta. PPE er varige driftsmidlar.				

Denne kortsiktige periodiseringsmodellen har ein høgare forklaringskraft enn kva den modifiserte Jones-modellen har. Her forklarar dei uavhengige variablane 10,50% av variasjonen i endring i arbeidskapital. I tillegg er F-verdien signifikant og høgare for denne modellen. Både CFO_{t+1} og PPE har ein positiv samanheng med endringa i arbeidskapitalen, men det er bare CFO_{t+1} som har ein signifikant koeffisient. Denne positive koeffisienten til CFO_{t+1} stemmer overeins med tidlegare forskning som seier at periodiseringar inneheld informasjon om framtidig kontantstraum (Barth, Cram & Nelson, 2001). CFO_t, CFO_{t-1} og ΔREV har derimot negative koeffisientar og det er kun to av desse som er signifikante. Ein negativ koeffisient for CFO_t seier då at ein auke i kontantstraumen vil gje ein reduksjon i periodiseringa, som stemmer overeins med det Dechow (1994) fant i sin studie. Dette vil også

vere tilfellet for dei negative og signifikante koeffisientane for CFO_{t-1} og ΔREV , altså når den operasjonelle kontantstraumen i tidlegare periodar og endringa i inntekt aukar, vil dei kortsiktige periodiseringane reduserast. Likevel kan man sjå at dei fleste variablane har ein svak samanheng med arbeidskapitalen, ettersom dei fleste har ein koeffisientverdi rundt null. Til tross for dette tek eg utgangspunkt i desse estimerte koeffisientverdiane for å få eit mål på dei skjønsmessige periodiseringane. Sidan modellen også er signifikant, kan eg bruke residuala frå modellen vidare i min forskning.

4.3.3. Test av AQ_1

Etter å ha fått eit mål på dei skjønsmessige periodiseringane, kan eg gjennomføre ein regresjonsanalyse av testmodellen for AQ_1 . Dei skjønsmessige periodiseringane er den avhengige variabelen (y-variabelen) og dei ulike måla på revisoren sine eigenskapar er dei uavhengige variablane (x-variablar) i regresjonsuttrykket. Resultata frå regresjonsanalysen visast i tabell 4.7.

Tabell 4.7. Testmodell for AQ_1

Totale periodiseringar - modifisert Jones				
	<i>Koeffisienter</i>	<i>Standardfeil</i>	<i>t-Stat</i>	<i>P-verdi</i>
Skjæringspunkt	-0,2718	0,1432	-1,8975	0,0587
LN Totale eigendelar	0,0151	0,0059	2,5661	0,0106
LN Erfaring/Godkjenning	-0,0196	0,0310	-0,6611	0,5269
Pensjonsalder	0,0045	0,0329	0,1447	0,8904
BIG N	0,0037	0,0250	0,1596	0,8820
Lengda på oppdraget	0,0013	0,0170	0,0260	0,9415
Revisorrotasjon	0,0146	0,0194	0,7450	0,4502
Selskapsrotasjon	0,0007	0,0398	-0,0027	0,9862
Revisjonshonorar	-0,0054	0,0211	-0,2249	0,7975
Anna revisjonshonorar	0,0152	0,0250	0,6072	0,5433
Regresjonstatisikk				
Multippel R	0,1945			
R-kvadrat	0,0378			
Justert R-kvadrat	0,0089			
Standardfeil	0,1333			
Observasjoner	309			
Variansanalyse				
F-verdi	1,3068			
Signifikans-F	0,2326			

Tabell 4.7, med alle dei uavhengige variablane, har ein låg forklaringskraft på kun 0,89%. I tillegg er F-verdien låg og modellen er heller ikkje signifikant. Dei fleste koeffisientverdiane er positive, men det er ingen av dei som måler revisoren sine eigenskapar på eit 5% signifikansnivå. Koeffisientverdien til føretaket sin storleik er derimot signifikant på eit 5% nivå. På grunnlag av at den totale periodiseringsmodellen ikkje klarar å gje meg noko svar på om det er ein samanheng mellom rekneskapskvaliteten og revisjonskvaliteten, så kan eg ikkje bruke denne modellen. Eg må derfor basere resten av min forskning på McNichols-modellen, som byggjar vidare på Jones-modellen og er meir sofistikert. I neste delkapittelet viser McNichols-modellen eit betre resultat enn kva den modifiserte Jones-modellen klarer. Sjølve McNichols-modellen og nokre av variablane sin koeffisientverdi er der statistisk signifikante. Det er derfor betre å bruke den modellen for å gje ein konklusjon på hypotesane.

4.3.4. Test av AQ₂

I dette delkapittelet gjennomførast nesten den same regresjonsanalysen som i delkapittelet 4.3.3. Forskjellen er at den avhengige variabelen er byta ut med dei skjønsmessige periodiseringane i McNichols-modellen (2002). Resultata nedanfor blir derfor annleis for denne testmodellen.

Tabell 4.8. Testmodell for AQ₂

Kortsiktige periodiseringar - McNichols				
	Koeffisienter	Standardfeil	t-Stat	P-verdi
Skjæringspunkt	-0,4338	0,1854	-2,3405	0,0199
LN Totale Eigendelar	0,0156	0,0078	2,0056	0,0458
LN Erfaring/Godkjenning	0,0097	0,0418	0,2324	0,8164
Pensjonsalder	0,0320	0,0433	0,7383	0,4609
BIG N	0,0150	0,0324	0,4634	0,6434
Lengda på oppdraget	0,0344	0,0223	1,5441	0,1236
Revisorrotasjon	-0,0590	0,0256	-2,3080	0,0217
Selskapsrotasjon	0,0894	0,0544	1,6440	0,0996
Revisjonshonorar	-0,0054	0,0278	-0,1949	0,8456
Anna revisjonshonorar	-0,0009	0,0327	-0,0267	0,9787
Regresjonsstatistikk				
Multipel R	0,2441			
R-kvadrat	0,0596			
Justert R-kvadrat	0,0313			
Standardfeil	0,1756			
Observasjoner	309			
Variansanalyse				
F-verdi	2,1047			
Signifikans-F	0,0290			

Modellen for AQ₂ har ein forklaringskraft på 3,13%. Dei uavhengige variablane forklarar dermed bare 3,13% av variasjonen i AQ₂. F-verdien er også låg, men modellen er signifikant på eit 5% nivå. Denne modellen er derfor mykje betre enn den modifiserte Jones-modellen. I tillegg gjev denne modellen signifikante verdiar for dummyvariablane revisorrotasjon og selskapsrotasjon. Samanhengen mellom den avhengige variabelen og dei uavhengige variablane revisorrotasjon og selskapsrotasjon er ulik. Ein revisorrotasjon vil ha ein svak negativ samanheng med rekneskapskvaliteten, medan ein selskapsrotasjon vil ha ein svak positiv samanheng. Revisorrotasjon har ein negativ koeffisient på 0,06, medan selskapsrotasjon har ein positiv koeffisient på 0,09. Førstnemnte er signifikant på eit 5% nivå og den andre på eit 10% nivå. Eg finn derfor støtte for hypotesen min om at det er ein samanheng mellom rotasjon og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. I modellen kan man også sjå at lengda på oppdraget har ein positiv verdi som nesten er signifikant, ettersom den har ein p-verdi på 12%. Koeffisientverdien på 0,03 kan derfor ikkje brukast til å gje ein konklusjon på at antall år ein revisor reviderer eit føretak har ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

I mitt totale utval er det ikkje mange av dei oppdragsansvarlege revisorane som nærmar seg pensjonsalder (meir enn 62 år). Regresjonsanalysen kan derfor bære preg av det, sidan koeffisientverdien ikkje er signifikant. Koeffisientverdien på omtrent 0,03 og p-verdien på 46% kan derfor ikkje slå fast at det vil vere ein negativ samanheng mellom revisorar som nærmar seg pensjonsalder og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Det er to andre variablar som også har ein positiv påverknad på kvaliteten, revisoren sin erfaring og revisorstorleiken. Logaritmevariabelen til revisoren sin erfaring har ein koeffisientverdi som er mindre enn 0,01, men den er ikkje signifikant. Den høge p-verdien på 82% seier derfor at koeffisientverdien er veldig usikker. Med andre ord er det sannsynleg at revisoren sin erfaring også kan ha ein negativ samanheng med rekneskapskvaliteten, eller ingen samanheng i det heile tatt. Basert på denne statistiske testen finn eg derfor ikkje støtte for at det er ein positiv samanheng mellom antall år ein revisor har arbeidserfaring og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Likevel har BIG N ein verdi på 0,02, men ein høg p-verdi gjer denne samanhengen usikker. Koeffisientverdien har då ein moglegheit for å vere lik null og denne studien gjev derfor ikkje støtte for at det er ein samanheng mellom rekneskapskvaliteten og storleiken på revisjonsfirmaet som reviderer føretaket.

Dummyvariablane for revisjonshonorar og anna revisjonshonorar har derimot negative koeffisientar på 0,01 og omtrent 0, men desse er heller ikkje statistisk signifikante. Desse variablane har dei høgaste p-verdiane, og den estimerte samanhengen med rekneskapskvaliteten er derfor veldig usikker. Eg får derfor ikkje støtte for at hypotesen min, som sa at det vil vere ein negativ samanheng mellom unormalt (store) revisjonshonorar og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen, stemmer. Denne regresjonsanalysen finn heller ikkje støtte for at det vil vere ein negativ samanheng mellom storleiken på ikkje-revisjonsrelaterte tenestar som blir tilbydd eit børsnotert føretak og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

I tillegg til denne regresjonsanalysen har eg gjennomført andre analysar for å prøve å finne fleire signifikante samanhengar. Eg prøvde for eksempel å dele føretaka inn i ulike bransjekategoriar (olje og gass, fiskeoppdrett, industri og produksjon, rådgjeving og andre tenestar), sidan det kan vere store forskjellar mellom føretaka. Men resultatata frå desse analysane var ikkje brukande. Eg klarte derimot å få nokre resultat ved å gjennomføre fleire regresjonsanalysar, der eg byta på å ta vekk forskjellige testvariablar. Det beste resultatet fekk

eg ved å ta vekk dummyvariablane for honorar og erstatta dei med variablar som måler honorara sin storleik, altså RH og ARH. Resultatet visast i tabell 4.9.

Tabell 4.9. Ekstra testmodellar for AQ₂

Kortsiktige periodiseringar - McNichols										
Tilleggsmodellar	1		2		3		4		5	
	Koeffisienter	P-verdi	Koeffisienter	P-verdi	Koeffisienter	P-verdi	Koeffisienter	P-verdi	Koeffisienter	P-verdi
Skjæringspunkt	-0,5027	0,0079	-0,0934	0,0054	-0,4307	0,0098	-0,4838	0,0024	-0,4199	0,0141
LN Totale Eigendelar	0,0195	0,0118			0,0151	0,0084	0,0202	0,0076	0,0140	0,0703
LN Erfaring/Godkjenning	0,0059	0,8859			0,0152	0,7039			0,0233	0,5198
Pensjonsalder	0,0348	0,4260	0,0467	0,2109	0,0285	0,5003	0,0372	0,3229		
BIG N	0,0188	0,5618	0,0292	0,3507					0,0106	0,7421
Lengda på oppdraget	0,0360	0,1000	0,0268	0,2228	0,0336	0,1229	0,0349	0,1072		
Revisorrotasjon	-0,0579	0,0246	-0,0539	0,0355	-0,0594	0,0199	-0,0591	0,0210	-0,0589	0,0219
Selskapsrotasjon	0,0916	0,0910	0,0837	0,1258	0,0862	0,1088	0,0885	0,1001	0,0628	0,2318
Revisjonshonorar			0,0296	0,1660					0,0069	0,7980
Anna revisjonshonorar			-0,0014	0,9663					-0,0031	0,9245
Revisjonshonorar (ikkje dummy)	0,0000	0,6566					0,0000	0,6354		
Anna revisjonshonorar (ikkje dummy)	0,0000	0,5730					0,0000	0,6144		
Regresjonsstatistikk										
Multipel R	0,2505		0,2143		0,2425		0,2479		0,2204	
R-kvadrat	0,0628		0,0459		0,0588		0,0615		0,0486	
Justert R-kvadrat	0,0345		0,0237		0,0401		0,0396		0,0264	
Standardfeil	0,1753		0,1762		0,1748		0,1748		0,1760	
Observasjonar	309		309		309		309		309	
Variansanalyse										
F-verdi	2,2246		2,0694		3,1439		2,8154		2,1947	
Signifikans-F	0,0205		0,0467		0,0053		0,0074		0,0346	

Den første modellen er ganske lik den andre regresjonsanalysen for kortsiktige periodiseringar. Den har ein låg forklaringskraft og ein F-verdi på 2,22. Modellen er også signifikant på eit 5% nivå og har signifikante koeffisientverdiar for totale eigendelar, revisorrotasjon og selskapsrotasjon. Desse variablane har det same forteiknet som i den andre modellen, altså ein positiv eller negativ samanheng med den avhengige variabelen. Det som er annleis med denne modellen er at den gjev meg ein signifikant og positiv samanheng mellom rekneskapskvaliteten og variabelen for lengda på oppdraget. Variabelen er signifikant på eit 10% nivå, og denne statistiske testen gjev derfor indikasjonar på at antall år ein revisor reviderer eit føretak har ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

Men sjølv om eg gjorde endringar i denne og dei fire andre tilleggsmodellane, klarte eg ikkje få nokre signifikante verdiar for honorara eller dei andre uavhengige variablane. Dei fire andre tilleggsmodellane fant også, som tidlegare modellar, signifikante indikasjonar for at totale eigendelar, revisorrotasjon og selskapsrotasjon har ein samanheng med rekneskapskvaliteten.

4.4. Testing av modellen sin robustheit

Når man gjennomfører slike analysar kan det vere viktig å sjå på korleis forskjellige endringar knyta til utvalet og datamaterialet kan påverke resultatata. Eg ønskja derfor å teste krafta til McNichols-modellen ved å gjennomføre ein robustheitskontroll. Dei skjønsmessige periodiseringane blir då berekna ved bruk av Dechow og Dichev sin modell (2002) og resultatata blir samanlikna med den valde modellen for kortsiktige periodiseringar. Sjølv om tidlegare litteratur seier at DD-modellen er dårlegare til å forklare skjønsmessige periodiseringar enn McNichols-modellen, er det fortsatt interessant å vurdere om resultatata avvikar frå den opphavlege analysen. DD-modellen er ei forenkling av McNichols-modellen, der to av kontrollvariablane manglar.

Sjølv om eg tok vekk variablane for inntekt og varige driftsmidlar, så er resultatata for begge modellane ganske like. McNichols-modellen har ein litt høgare forklaringskraft enn DD-modellen (10,50% kontra 8,17%), og forklarar derfor variasjonen i kortsiktige periodiseringar på ein betre måte. F-verdien er derimot litt høgare i DD-modellen (11,12 kontra 9,00) og begge modellane er signifikante på eit 1% nivå. Begge modellane har signifikante koeffisientverdiar for variablane CFO_{t+1} og CFO_{t-1} , og desse har også omtrent den same samanhengen med den avhengige variabelen. Medianverdien for dei skjønsmessige periodiseringane er på -0,023 og -0,026. I sjølve regresjonsanalysen er også mange av målingane dei same. DD-modellen har litt betre forklaringskraft, F-verdi og signifikansnivå. Samstundes har begge modellane nesten dei same signifikante koeffisientverdiane, unntaket er at selskapsrotasjon ikkje er signifikant ved bruk av DD-modellen. Ved å sjå at resultatata ligg ganske nær kvarandre, betyr det at estimata for skjønsmessige periodiseringar er robuste og pålitelege.

Då eg skulle finne eit mål for dei skjønsmessige periodiseringane, blei alle variablane i McNichols-modellen delt på totale eigendelar for førre år. Dette blir gjort for å kompensera for heteroskedastisitet. Nokre studiar vel å gjere dette på ein annan måte ved at dei deler på gjennomsnittlege totale eigendelar (Myers m.fl., 2003). For å teste robustheita til resultatet mitt, gjorde eg det same og delte variablane på gjennomsnittlege totale eigendelar. Dette ga små utslag på den skjønsmessige periodiseringskvaliteten. Målingsstorleiken for gjennomsnittet, medianen og standardavviket blei bare litt mindre. I testmodellen var den

einaste forskjellen at selskapsrotasjonen ikkje blei statistisk signifikant. På bakgrunn av at resultatata frå robustheitstesten ikkje ga nokre store endringar, kan dette gje bevis for at oppgåva sine resultat er robuste nok.

5. Konklusjon

Denne studien har undersøkt korleis revisoren sine eigenskapar påverkar kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Ved å hente inn data frå 114 norske børsnoterte føretak har eg utarbeida ulike variablar som målar rekneskaps- og revisjonskvaliteten. For å få eit svar på problemstillinga har eg brukt ein multipel lineær regresjonsmodell som brukar minste kvadraters metode. I dette kapittelet vil eg derfor oppsummere hovudkonklusjonane, gje eit samandrag av resultatata, drøfte oppgåva sitt bidrag og den sine avgrensingar. Avslutningsvis vil eg kome med eit forslag til vidare forskning.

5.1. Oppsummering og konklusjon

Feilaktige rekneskapsføringar er ikkje gunstig, sidan det kan påverke effektiviteten og få store konsekvensar for samfunnet. Denne oppgåva har derfor gått igjennom deler av prosessen om korleis eit rekneskap kan bli manipulert av leiinga. Men man må huske på at endringar i rekneskapsprinsipp og periodiseringar ikkje alltid treng å vere eit forsøk på å manipulera den rapporterte rekneskapsinformasjonen. Uansett om det er tilsikta eller ikkje, så skal ein revisor arbeide for å hindre at slike ting skjer. I eit optimalt tilfelle, vil rekneskapet og revisjonen vere av høg kvalitet. For å måle dette, har denne oppgåva forklart fleire forskjellige måtar og vist den sterke forbindinga dei har med kvarandre. Revisorar kan nemleg påverke rekneskapskvaliteten ved å bruke varierende revisjonskvalitet. Dei har derfor ei viktig rolle i å sikre at rekneskapsinformasjonen er av høg kvalitet. Hensikta med denne oppgåva har derfor vore å undersøkje samanhengen mellom revisoren sine eigenskapar og rekneskapskvaliteten. Ved bruk av ulike mål på revisjonskvaliteten, kan man sjå korleis revisjonen har ein påverknad på dei skjønsmessige periodiseringane.

Undersøkinga av forholdet mellom revisjonskvaliteten og rekneskapskvaliteten har blitt gjort ved bruk av sju hypotesar. Regresjonsanalysar har så bidrege til å bekrefte eller avkrefte om desse hypotesane stemmer. Den modifiserte Jones-modellen (Dechow m.fl., 1995) viste seg å ikkje vere ein brukande modell for denne oppgåva. Den er for eksempel ikkje signifikant og den klarar ikkje gje meg noko svar på om det er ein samanheng mellom rekneskapskvaliteten og revisjonskvaliteten. Så heile analysen har teke utgangspunkt i den kortsiktige periodiseringsmodellen til McNichols (2002). Ved bruk av denne modellen er det dessverre bare eit fåtal av hypotesane eg har klart å finne støtte for. Mykje av dette skyldast avgrensingane som det finst i datasettet for norske børsnoterte føretak. Utvalet er for eksempel lite og det er derfor vanskeleg å oppnå signifikante resultat. Samstundes er det ingen målemetodar som i dag klarer å måle kvaliteten eit hundre prosent skikkeleg.

På grunnlag av ein liten statistisk test, klarte eg ikkje finne støtte for den første hypotesen min om at det er ein positiv samanheng mellom antall år ein revisor har arbeidserfaring og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen. Derfor kan eg ikkje slå fast, som tidlegare studiar har gjort, at arbeidserfaring gjev revisoren meir kunnskap (Bonner, 1990; Solomon m.fl., 1999) og ein djupare forståing for verksemder (Knechel, 2000), slik at han kan gjennomføre betre kontrollrisikovurderingar (Tubbs, 1992). Hadde utvalet vore mykje større, ville eg nok fått ein annan koeffisientverdi og den ville kanskje vore statistisk signifikant.

Eg fant heller ikkje støtte for mine hypotesar om at pensjonsalder, unormalt store revisjonshonorar og storleiken på ikkje-revisjonsrelaterte tenestar har ein negativ samanheng med rekneskapskvaliteten. Variabelen til pensjonsalder blei ikkje signifikant og hadde nok for lite innsamla data. Når det gjeld føretak som har unormalt store honorar, kan eg ikkje seie noko om at dei har indikasjonar på økonomiske rapporteringsproblem (Hribar m.fl., 2010). Eg kan heller ikkje konkludera med at slike revisjonshonorar vil vere eit teikn på eit avhengigheitsforhold mellom revisoren og føretaket (Hope m.fl., 2009). Høge honorar som er knyta til ikkje-revisjonsrelaterte tenestar vil derimot vere eit teikn på dette. Men for desse honorara klarar eg ikkje oppnå det same signifikante resultatet som Gul og Srinidhi (2007) gjorde i sin studie.

Revisjonsfirmaet sin storleik pleier å ha ein samanheng med periodiseringskvaliteten. Dei fleste studiane som er gjennomført rundt revisoren sin storleik viser at føretak som brukar Big N-revisjonsfirma har mykje lågare skjønsmessige periodiseringar enn føretak som ikkje brukar Big N-firma (Becker m.fl., 1998; Francis m.fl., 1999; J. Kim m.fl., 2003). Dette betyr at føretak som har høgare periodiseringar mest sannsynleg har insentiv til å bruke eit Big N-firma til revisjonsarbeidet, nettopp for å auke truverda til rekneskapsinformasjonen. Til tross for bruk av Big N-revisjonsfirma hindrar ikkje det at ekstreme rekneskapsmanipulasjonar kan skje (Dechow m.fl., 1996). I denne studien klarte eg ikkje få liknande resultat som mange tidlegare har fått. Eg klarte nemleg ikkje få støtte for hypotesen min om at det vil vere ein positiv samanheng mellom Big N-revisjonsfirma og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.

Eg fant heldigvis støtte for nokre av hypotesane mine. Sidan det er få forskingar som har blitt gjort i Noreg i forhold til lengda på revisjonsoppdraget og rekneskapskvaliteten, så ønskja eg å finne eit svar på dette. I tillegg ønskja eg å sjå om ein rotasjon har ein samanheng med kvaliteten. Andre studiar som Chen m.fl. (2008), Chi m.fl. (2009) og Carey og Simnett (2006) har for eksempel fått både positive og negative forhold mellom lengda på oppdraget, rotasjon og revisjonskvaliteten. Eg klarte finne indikasjonar på at det er ein signifikant samanheng mellom lengda på revisjonsoppdraget og rekneskapskvaliteten. I dette tilfellet viste det seg at revisjonsoppdrag som har vart i meir enn sju år har ein positiv samanheng med rekneskapsinformasjonen. Likevel viste resultatane at både rotasjon av den oppdragsansvarlege revisoren og selskapsrotasjon har ein signifikant samanheng med rekneskapskvaliteten. Revisorrotasjon vil ha ein negativ samanheng med kvaliteten, medan selskapsrotasjon har ein positiv samanheng. I desse tre signifikante tilfella kan det vere vanskeleg å gje ein konklusjon på kva som er årsaka til den negative eller positive koeffisientverdien. Ein rotasjon treng for eksempel ikkje ha ein negativ påverknad på rekneskapskvaliteten, men det kan heller skyldast andre ting som at ein rotasjon har blitt gjennomført på grunn av den låge kvaliteten. Alternativt kan ein fusjon ha ført til både revisorrotasjon og lågare rekneskapskvalitet. Poenget er at bakenforliggende faktorar kan forklare påverkingsforholdet mellom fenomenane.

I samanheng med denne studien, som undersøker norske børsnoterte føretak, kan man derfor ikkje gå ut ifrå at eigenskapane til revisoren (erfaring, pensjonsalder, Big N, lengde, rotasjon og honorar) har ein betydeleg innverknad på rekneskapskvaliteten. Hadde denne studien hatt

vesentleg fleire observasjonar, slik som det er i publiserte tidsskrifter, så hadde nok det resultert i fleire statistisk signifikante testvariablar. Resultata bidreg iallfall til ein betre forståing av risikoen som er knyta til den rapporterte rekneskapsinformasjonen og korleis revisoren påverkar kvaliteten på dette. Eit visst antall timar ein revisor brukar på eit føretak over eit visst antall år kan ha både positive og negative samanhengar med rekneskapskvaliteten. For lite tid og for lite kunnskap om føretaket kan føre til at rekneskapsmessig støy ikkje blir oppdaga, medan for mykje tid og kunnskap også kan ha ein negativ effekt ved at revisoren sin uavhengigheit blir svekka. Ein revisor må derfor balansere på ein mellomting av dette.

Samandrag av resultata:

Hypotesar	Funn
<p>H1: Det vil vere ein positiv samanheng mellom antall år ein revisor har arbeidserfaring og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Ikkje støtte: Begge koeffisientane har ein positiv verdi, men det er ingen av dei som er signifikante. Eg finn derfor ikkje støtte for at det er ein positiv samanheng mellom antall år ein revisor har arbeidserfaring og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>
<p>H2: Det vil vere ein negativ samanheng mellom revisorar som nærmar seg pensjonsalder og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Ikkje støtte: Ingen av modellane fant ein signifikant koeffisientverdi. Begge verdiane var positive og eg kan derfor ikkje slå fast at det vil vere ein negativ samanheng mellom revisorar som nærmar seg pensjonsalder og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>
<p>H3: Det vil vere ein positiv samanheng mellom Big N-revisjonsfirma og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Ikkje støtte: Regresjonsanalysane finn positive koeffisientar mellom BIGN og AQ₂, men det er ingen av dei som er signifikante. Eg kan derfor ikkje seie at det er ein positiv samanheng mellom BIGN og AQ₂.</p>

<p>H4:</p> <p>Antall år ein revisor reviderer eit føretak har ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Støtte:</p> <p>Regresjonsanalysane viser ein positiv samanheng mellom lengda på revisjonsoppdraget og rekneskapskvaliteten. I den første modellen er koeffisienten nesten signifikant og i den andre modellen er den signifikant. Eg finn derfor indikasjonar for at det er ein samanheng mellom lengda på revisjonsoppdraget og rekneskapskvaliteten.</p>
<p>H5:</p> <p>Ein revisorrotasjon vil ha ein samanheng med kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Støtte:</p> <p>Begge modellane gjev signifikante samanhengar mellom rotasjon og rekneskapskvaliteten. Revisorrotasjon har ein negativ samanheng med kvaliteten, medan selskapsrotasjon har ein positiv samanheng med kvaliteten. Eg finn derfor støtte for min hypotese om at ein rotasjon vil ha ein samanheng med rekneskapskvaliteten.</p>
<p>H6:</p> <p>Det vil vere ein negativ samanheng mellom unormalt store revisjonshonorar og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Ikkje støtte:</p> <p>Regresjonsanalysane finn ingen signifikante samanhengar mellom rekneskapskvaliteten og unormale revisjonshonorar. Koeffisientverdien er negativt, men eg kan ikkje konkludere med at samanhengen stemmer.</p>
<p>H7:</p> <p>Det vil vere ein negativ samanheng mellom storleiken på ikkje-revisjonsrelaterte tenestar som blir tilbydd eit børsnotert føretak og kvaliteten på rekneskapsinformasjonen.</p>	<p>Ikkje støtte:</p> <p>I analysen finn eg ein negativ koeffisient, men den er ikkje signifikant. Eg finn derfor ikkje støtte for at det er ein negativ samanheng mellom storleiken på ikkje-revisjonsrelaterte tenestar og rekneskapskvaliteten.</p>

5.2. Studien sine avgrensingar

Denne forskinga baserar seg på norske børsnoterte føretak, som følgjer den internasjonale rekneskapsstandarden, IFRS. I dag er alle desse føretaka plikta til å bruke IFRS, og eg har for kvart rekneskapsår gått igjennom og teke vekk dei føretaka/årsrekneskapa som har brukt god norsk rekneskapskikk. I tillegg, då eg lasta ned rekneskapsinformasjonen frå Proff Forvalt, var det fleire av desse føretaka som mangla ein del rekneskapspostar (f.eks. oppdragsansvarleg revisor, kundefordringar og konserntal). Eg måtte derfor hente desse opplysningane frå føretaka sine årsrapportar, som er tilgjengelege på føretaka sine nettsider og hjå Oslo Børs. Samstundes var det fleire av føretaka som brukte utanlandsk valuta i sitt rekneskap og eg måtte derfor gjere det om til norske kroner. Eg brukte kursen som var ved kvart årsskifte. Alt dette var tidkrevjande arbeid og på grunnlag av dette kan dataa mine innehalde feil. Feila kan skyldast at eg har mistolka nokre opplysningar, oversett noko, rekna ut feil eller at dei innhenta sekundærdataa inneheld feil. Rekneskapsdataa kan for eksempel vere manipulert, noko som er eit stort problem og som det dagleg arbeidast mot.

Rekneskapsinformasjonen som eg samla inn strekkjer seg først og fremst over perioden 2015 til 2017. I tillegg var det nokre av variablane som trengte å ha med data for førre og etterkomande år, altså 2014 og 2018. Dette var nokre stabile rekneskapsår og det skjedde derfor ikkje nokre store, eksterne endringar. I utgangspunktet ønskja eg å gjennomføre oppgåva på grunnlag av eit større datasett, men det var avgrensingar i kor mange årsrapportar eg kunne finne før 2014. For nokre føretak var det til og med vanskeleg å finne data for 2014 og 2015. Så viss eg hadde hatt full tilgang til 2013- og 2019-tal, kunne eg gjennomført min studie med eit større datasett.

Som nemnt tidlegare er det veldig vanskeleg å måle rekneskap- og revisjonskvaliteten på ein ordentleg måte. Det er vanskeleg å observere desse kvalitetane og mange forskarar arbeidar stadig med å forbetre måle metodane. Det kan derfor vere knyta ein del usikkerheit til alle målingane, noko som igjen kan påverke resultata mine. På bakgrunn av dette var det litt vrient å velje kva for nokre modellar eg skulle bruke i denne oppgåva. Det finst nemleg både fordelar og ulemper med alle. For å få eit mål på rekneskapskvaliteten valde eg å bruke modellar som baserar seg på periodiseringstal. Eg måtte derfor velje ein modell som, på best mogleg vis, klarar å setje i saman variablar som kan rekne ut den skjønnsmessige og ikkje-

